



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Driftsstyret
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 17.08.2016
Tid: 14:00

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unnatekne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unnatak når b-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret og på folkebiblioteket til møtet vert halde.

Saksnr	Sak	
PS 34/16	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 35/16	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte	
	Orienteringssak	
OS 20/16	Sluttrapport, prosjektplan og presentasjon - Felles database Gerica - regionalt samarbeid og samhandling	
OS 21/16	Samarbeid mellom Kulturskulen og Volda skulekorps skuleåret 2016/2017	
PS 36/16	Politisk organisering - Driftsstyre	
PS 37/16	Salsløyve - AS Vinmonopolet	
PS 38/16	Salsløyve for alkoholholdig drikk - Coop Vest SA (Coop Extra) - orgnr. 93858657	
PS 39/16	Salsløyve av alkoholholdig drikk gruppe 1 - Coop Vest SA - Coop Marked Folkestad - org.nr 938586357	
PS 40/16	Salsløyve - Løvikbuda A/S, org nr 982 851 610	
PS 41/16	Salsløyve - Rema 1000 Volda/Hagen Taklo AS - org.nr. 314 946 905	
PS 42/16	Skjenkeløyve - Landscape kafe AS, org nr 997 096 118	
PS 43/16	Skjenkeløyve - Fjordkongen AS, org nr 915 055 885	
PS 44/16	Skjenkeløyve - Volda Turisthotell AS, org nr 931 649 817	
PS 45/16	Salsløyve - V4-mat AS - org.nr. 993351075	
PS 46/16	Salsløyve Kiwi Skjellebreida / Vikingmat AS - org.nr. 978626092	
PS 47/16	Skjenkeløyve - Studenthuset AS, org nr 988 024 295	
PS 48/16	Salsløyve - alkoholholdig drikk gruppe 1 - Coop Vest SA - Coop Marked Lauvstad - org.nr. 938586357	
PS 49/16	Salsløyve alkoholholdig drikk - Coop Vest SA (Mega) - orgnr. 938586357	
PS 50/16	Salsløyve - Norsk butikkdrift	

	AS - Coop Prix Volda - Prestegata 29. Org.nr. 931186744	
PS 51/16	Salsløyve - Spar Volda - org.nr. 996 225 925	
PS 52/16	Skjenkeløyve - Georgios Mat Pasparakis, org.nr. 915 309 259	
PS 53/16	Det grønne treet AS - skjenkeløyve	
PS 54/16	Salsløyve for alkoholholdig drikk - A. E. Haavik AS, org nr 947464981	
PS 55/16	Skjenkeløyve - So es Bors, org nr 915 017 282	

PS 34/16 Godkjenning av innkalling og sakliste


PS 35/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Orienteringssak

Orienteringssak

Sluttrapport

Felles database Gericca: Regionalt samarbeid og samhandling



www.threadless.com

Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta



Innhald

.....	1
1. INNLEIING	3
2. HISTORISK BAKTEPPE	3
3. PROSJEKTORGANISASJON, MANDAT OG MÅL.....	5
3.1 Prosjektorganisasjon	5
3.2 Mandat.....	6
3.3 Mål / gevinstar for prosjektet:.....	6
3.4 Leverandøroppgåver i prosjektet og avgrensingar.....	7
3.4.1 Leverandør sitt ansvar i høve til kontrakt	7
3.4.2 SSIKT sitt ansvar i høve til kontrakt	7
3.4.3 Oppgåver utanfor kontrakt, som har vore SSIKT sitt ansvar	7
3.5 Juridisk avklaring i høve til felles database	8
3.6 Økonomi og ressursar	8
4. FRAMDRIFTSPLAN OG PROSJEKTFASER	9
5. NÅDDE VI MÅLET ?.....	11
5.1 Kva har vi oppnådd- så langt ?	11
5.2 Risiko i prosjektet	13
5.3 Kva har vi ikkje oppnådd, og kvifor ?	13
6. EVALUERINGAR FRÅ LEVERANDØR OG KOMMUNAR.....	14
7. GEVINSTAR OG HANTERING FOR VARIG DRIFT.....	15
8. OPPSUMMERING OG VEGEN VIDARE.....	16
9. VEDLEGG.....	18



1. INNLEIING

Alle kommunane på søre Sunnmøre har sidan hausten 2005 hatt Gerica som sitt elektroniske pasientjournalssystem(EPJ). Systemansvarlege i kvar kommune etablerte i 2006 Gericaforum; eit fagforum for å utveksle erfaringar, råd om bruk og auke samarbeid kommunane imellom. I 2011 byrja førebuing til elektronisk meldingsutveksling via Norsk Helsenett (heretter forkorta til NHN). Felles IKT strategi for alle kommunane vart vedteken i 2011, med oppretting av felles driftssenter på Hareid (Heretter forkorta til SSIKT) frå januar 2012. Dei 7 databasane for Gerica vart flytta til driftssenteret vår 2012 og elektronisk samhandling starta hausten same år via teknisk tilkopling mot NHN ved SSIKT.

Erfaringar frå felles drift og bruk av elektronisk meldingsutveksling, avdekte raskt behov for samkøyring av programvare og bruk, med felles database for Gerica som tiltak i SSIKT og i alle kommunar sine handlingsprogram for 2014.

Prosjektet starta våren 2014 og vart slutført ved utgangen av 2015. Våren 2016 har bestått i etterarbeid med etablering av normal drift og forvaltning. Prosjektet har hatt høg prioritet hos SSIKT, rådmannsgruppa, omsorgsleiarar, IT-gruppa, fagforumet og leverandør. Prosjektet fekk viktige skjønnsmidlar frå Fylkesmannen i 2014 og 2015. Sum av samla innsats og prioriteringar har medført at databaseprosjektet har følgd estimerte tid og kostnadsrammer.

2. HISTORISK BAKTEPPE

I rammeplan for IKT-samarbeidet på søre Sunnmøre står det følgande. «*Kommunane skal innan 2015 framstå som ein virtuell region med felles bruk, utvikling og utnytting av IKT-løysingar og programvare. Løysingane skal vere kostnadseffektive, framtidsetta, driftssikre, innovative og brukartilpassa.*»

Som del av dette vart SSIKT driftssenter etablert frå 2012, og etter kvart har storparten av dataløysingane for kommunane på søre Sunnmøre fått si drift her. Det gjeld også oppsett for dei fagsystema som samhandlar via NHN via elektroniske helsemeldingar.

Felles IKT strategi vart vedteken i 2013, med oppretting av interkommunal **strategigruppe**. Denne skal arbeide med langsiktig strategisaker, fastsette oppgåver for driftssenteret, prioritere tiltak i budsjett og handlingsprogram.



Felles drift av EPJ avdekte store skilnader i bruk og oppsett, samt kompetanse lokalt for tilpassing av program. Det var også store skilnader for bruk av EPJ; t.d. kven som gjer kva. Gevinst med samla oppsett og support var svært liten, med 7 ulike databaser, 7 ulike meldingstenarar for eMeldingar og ulik bruk. Lisenskostnader til leverandør og konsulentar samt tidsbruk for egne tilsette, kunne monaleg reduserast ved 1 installasjon.

Kompleksitet i tilgangsprofilar og oppsett for elektronisk kommunikasjon er spisskompetanse som bør vere samla ved SSIKT. Det har i lang tid vore semje hos IT-personell og i Gericaforum om at behov for felles database, der ansvar for system og tilgangar bør ligge ved driftssenteret, medan tildeling av roller, opplæring og oppfølging skjer ute i kommunane.

I handlingsprogram for 2014-2017 for SSIKT vart felles database for Gerica lagt som tiltak for 2014- 2015. I tillegg til meir effektiv bruk av programvare, teknisk oppsett, drift, forvaltning og rutinar, vil felles database også vere utgangspunkt for oppsett mot ulik velferdsteknologi, bidra til fakturagrunnlag mot eins fakturasystem innan få år m.v.

Tilknytingsavtalen med NHN inneber at elektronisk meldingsutveksling via NHN skjer trygt, jfr *Norm for informasjonssikkerhet* (Normen). Avtalen med NHN bind kommunane juridisk til å følgje «Normen» sine krav. Kommunane på søre Sunnmøre samarbeidde våren 2012 om felles « Personvernhandbok» og byrja arbeid med ROS-analyser og relevante risikovurderingar. Det er etablert ei interkommunal gruppe for å samarbeide om personvernspørsmål. Ansvar for dagleg forvaltning i eiga kommune ligg hos rådmann, ofte delegert til arkivleiar eller sikkerhetsansvarleg i kvar kommune.

Ved inngongen av prosjektet var det om lag 2600 tilsette i samarbeidet som nytta Gerica som fast dokumentasjonssystem. Det er same antal pr mai 2016. Mange tilsette veksler mellom arbeid og oppgåver frå ein kommune til ein annan. Samarbeid om interkommunale omsorgstenester krev også eins oppbygging og bruk av systema. Det er også forventingar i samfunnet om elektroniske tenester og service via elektroniske løysingar (e-innsyn, døgnopen forvaltning, e-kommune, velferdsteknologi mv). Det har vore viktig å samle kompetanse og ressursar for å handtere slike krav. Slik kan ein lage meir robuste einingar for drift, tenesteyting og forvaltning og tilsette får enklare tilgong til dokumentasjon ut frå tenestemessige omsyn.

Fellesprosjektet har fått kr 600.000 i skjønnsmidlar frå Fylkesmannen både i 2014 og 2015. Prosjektet sitt hovudmål var å etablere og sette i drift felles database for Gerica for våre 7 kommunar, inkludert felles meldingstenar (programvare) for handtering av meldingar via NHN. Som del av prosjektet, skulle felles AD (brukar-/maskinkatalog) etablerast som plattform for å få ein samla stad for pålogging, tilgangsstyring og autentisering for tilsette i alle dei sju kommunane.




3. PROSJEKTORGANISASJON, MANDAT OG MÅL

3.1 Prosjektorganisasjon

Rådmannsgruppa peika i august 2014 ut styringsgruppe, og godkjende prosjektorganisasjon og mandat for prosjektet. Det vart gitt ei økonomisk ramme for prosjektet for perioden juni 2014- desember 2015. Etter den tid skulle prosjektet vere over i vanleg drift.

Illustrasjon under syner prosjektorganisasjonen med styringsgruppe og prosjektgruppe, samt kommunale arbeidsgrupper for framdrift, koordinering og opplæring i kommunane.



Styringsgruppa sitt hovudansvar var å godkjenne prosjektplan og ha tilsyn med at prosjektet vart drive innafor prosjektet si ramme/ intensjon. Styringsgruppa hadde jamleg møte med prosjektleiar, for informasjon og avklaringar undervegs. Styringsgruppa hadde hovudansvar for at det internt i kvar kommune vart etablert lokale arbeidsgrupper og ressursar til å handtere kommunale oppgåver inn mot prosjektet.

Prosjektleiar har vore Evelyn Haram Larsen ved SSIKT. Tilsvarande funksjon hos leverandør har Marianne Aas Karlsen hatt. Begge prosjektleiarane har samarbeidd tett med tekniske ressursar hos SSIKT og hos leverandør og vore bindeledd inn mot øvrige aktørar. Prosjektleiar i SSIKT har i tillegg hatt ansvar for prosjektplan og rapportar, leie prosjekt og prosjektgruppe, samt ha dagleg ansvar for framdrift i prosjektet.

Prosjektgruppa sine medlemmer har vore systemansvarleg 1 for Gerica i kvar kommune i tillegg til prosjektleiar. Systemansvarleg 2 har vore personleg vara. Prosjektgruppa har stått for praktisk gjennomføring av prosjektet og har hatt hyppige møter. Oppgåver for

gruppa har m.a vore å ta felles avgjerder for alle kommunane vedkomande oppbygging av kodeverk, sikkerhetsprofilar og bruk av fagsystemet.

Kvar medlem i prosjektgruppa hadde ansvar for aktivitet og framdrift i eiga kommune via kommunal arbeidsgruppe/ møtepunkt. Internt i kommunane hadde ein ansvar for fordeling av oppgåver, avklare ressursar, ha dialog med ulike faggrupper, gjennomføre naudsynt opplæring i dei ulike prosjektfasene og følgje aktivitetar knytt til felles framdriftsplan for prosjektet.

3.2 Mandat

- Felles AD skal vere etablert for alle 7 kommunar innan utgangen av 2014.
- Sju databaser for Gerica skal samordnast til ein felles database med felles kodeverk, tilgongsprofilar, malar og rutinar for bruk innan utgangen av 2015. Prosjektgruppa får mynde til å vedta kodeverk m.v for kommunane.
- Teknisk oppsett og val av funksjonar skal veljast utifrå planar om auka bruk av mobile einingar, fakturagrunnlag frå Gerica mot ein felles Agresso-installasjon (*eige prosjekt frå 2015-2016*) samt integrasjon mot ulike former for velferdsteknologi.
- Sju meldingstenarar for å handtere elektroniske meldingar via NHN skal samlast til ein. Oppsett av kommunikasjonspartar skal forenklast og ein må etablere rutinar for dagleg kontroll, beredskap og drift knytt til elektronisk meldingsutveksling.
- Arbeid med internkontrollsystem for informasjonstryggleik som stettar Normen sine krav, skal vidareutviklast.
- Innan utgangen av 2015 skal det vere utarbeidd gode rutinar på beredskap, drift og support for personell ved SSIKT driftssenter, samt avklart grenseoppgang for kommunalt ansvar kontra SSIKT. Frå 2016 blir prosjektaktivitet lagt inn som ordinære arbeidsoppgåver ved driftssenteret.

3.3 Mål / gevinstar for prosjektet:

Ved prosjektet ynskte ein å oppnå:

- Robust drift, ajourhald og rutinar for IT og fag, som ville gi meir einsarta beredskap/ support og færre feilsituasjonar.
- Reduserte kostnader knytt til lisensiering og bruk av konsulentar.
- Tilsette får enkel pålogging (single sign-on) til datasystema og helsepersonell kan via mobilt utstyr vere « online» EPJ ute hjå brukar. Tilsette kan arbeide på tvers av kommunegrenser, med ulike roller, men med same ident.
- For interkommunale tenester, kan vedtak om teneste gjerast i ein kommune, men ytast i ein anna. Aktuelle personalgrupper har tenestebasert tilgong, med naudsynt informasjon uavhengig i kva kommune det er journalført. Dette gir betre oversikt og ein kan yte meir samordna og tilpassa hjelp.
- Ved eventuelle endringar i kommunestruktur (internt for våre 7), vil det vere få tilpassingar for å handtere dette, når felles installasjon er etablert.
- Mindre sårbart ved sjukdom for « smale» områder som t.d vederlag og faktura. Ved likt kodeverk og bruk, kan personell i ein kommune også utføre dette for fleire. Det er mulig å etablere interkommunale team med spisskompetanse for å utføre slike oppgåver for mange/ alle kommunar.



- Ein forventar kompetanseutvikling, kompetanseutveksling og kompetanseforvaltning i heile organisasjonen.
- Auka kvalitet på dokumentasjon, raskare oversikt over data for pasient, data vert lettare tilgjengeleg via mobile einingar og mobil samhandling mellom personell.
- Auka kvalitet på tenesteyting pga betre dokumentasjon, vil gi betre oversikt over tenestebehov og personale kan yte meir tilpassa tenester til fleire brukarar.
- Kvalitet på sak, teneste og tenesteyting, aukar kvalitet på KOSTRA-rapportering og gir betre samanlikningsgrunnlag kommunane mellom.
- Betre kontroll på tilhøvet mellom vedtak om teneste og reell tenesteyting er med å kvalitetssikre fakturagrunnlag. Dette kan vidare samkøyrast mot felles økonomisystem.(Anna delprosjekt, var planlagt til 2015).
- Samordne etablering og integrert bruk av velferdsteknologi og felles overvaking/beredskap for dette.
- Innovativ bruk av informasjonsteknologi i dialog med brukar, pårørande, tilsette.
- Meir tilfredse brukarar og færre klagesaker, pga betre saksbehandlingsrutinar og betre samordning av tenesteyting/ dokumentasjon.
- Betre omdøme grunna auka tillit til tenesteytinga.

3.4 Leverandøroppgåver i prosjektet og avgrensingar

3.4.1 Leverandør sitt ansvar i høve til kontrakt

- Lage sluttrapport etter forprosjektet.
- Gjennomføre nivå- og kodeverkskonverteringar, inkludert testkonvertering.
- Ha ansvar for tekniske aktivitetar som fylgje av samanslåingsverktøyet, inkludert testsamanslåing.
- Vidareutvikle samanslåingsverktøyet tilpassa SSIKT.
- Formidle klart kva dei trengde bistand frå SSIKT vedkomande førebuingar og ressursrar (både personell og teknisk utstyr)

3.4.2 SSIKT sitt ansvar i høve til kontrakt

- Tilrettelegging for forprosjekt og kartlegging.
- Sikre naudsynte og tilgjengelege ressursrar (både personell og teknisk utstyr) inkludert naudsynt pålogging ved behov.
- Planlegge forvaltning og styring av Gericar i ein felles database og felles elektronisk journal.
- Handtere faglege og organisatoriske avklaringar fortløpande i prosjektperioden.
- Syte for testing og naudsynt kvalitetssikring i etterkant av tekniske aktivitetar.
- Eventuell naudsynt Gericar- opplæring for dei involverte kommunane.

3.4.3 Oppgåver utanfor kontrakt, som har vore SSIKT sitt ansvar

- Repeterande aktivitetar, som t.d mapping frå gamalt kodeverk over mot nytt. Dette vart utført *ein* gong av leverandør saman med ansvarleg personell ved SSIKT. SSIKT tok vidare ansvar for repeterande aktivitetar hjå øvrige kommunar.
- Kontroll og ajourføring av alle brukarar og tilsette utan komplette personnummer.



- Kontroll og samstemming av ulike koder for medikament med same namn, brukt ulikt i kommunane.
- Kontroll og samstemming av dokument og journalnotat med manglande kodar.
- Utarbeide og tilpasse nye sikkerhetsprofilar, roller, malar og signalturfiler.
- Gi råd og hjelp utanfor planlagde aktivitetar i prosjektplanen (t.d ekstra beredskap

3.5 Juridisk avklaring i høve til felles database

Før oppstart av prosjektet vart det juridiske omkring overgang frå 7 til 1 database vurdert. «Forskrift om virksomhetsovergrepene pasientjournal i formalisert arbeidsfellesskap» regulerer rettar og plikter i høve til tilgang til felles pasientjournalar t.d ved legekantor. For Gerica har vi ikkje gått inn i slikt formalisert arbeidsfellesskap – fordi vi ikkje deler journalar. Kommunar arbeider som før, med unntak av at databasen fysisk blir ein i staden for sju. Vi er då innafør dagens regelverk. Sjå også eksempel under med utklipp frå Normen sitt faktaark nr 46. Nivåinndeling i Gerica er lagt på kommunenivå, og nivåa fungerer då som logiske skilje. Vidare har tilsette tilgangsstyring basert på tenestelege behov både ut frå tenestenivå, tenestetype og kva oppgåver den tilsette faktisk skal utføre.

Flere virksomheter kan ha felles EPJ-system / fagsystem, men det stilles krav til logiske skiller

a) Flere virksomheter kan ha felles EPJ-system / fagsystem, men det er et absolutt krav at helseopplysningene som tilhører ulike databehandlingsansvarlige, lagres logisk adskilt fra hverandre. Eksempler:

o To kommuner kan ha én installasjon/én lisens av et fagsystem, som ligger i et felles databesystem, såfremt helseopplysninger fra ulike virksomheter lagres logisk adskilt

o Brukernavn, passord og rolle for å skille helseopplysninger for flere databehandlingsansvarlige er ikke tilstrekkelig. Se illustrasjon

o En tjenesteyter - med selvstendig databehandleransvar - kan bruke kommunens fagsystem og database, såfremt helseopplysningene lagres logisk adskilt fra kommunens øvrige opplysninger. Dette kan eksemplifiseres ved at "Kommune B" i illustrasjonen byttes ut med "Tjenesteyter". Kommune A vil i et slikt tilfelle være databehandler for tjenesteyteren



Utklipp fra faktaark 46 fra Normen.

Søre Sunnmøre-samarbeidet vil havne innunder denne regelen og er dermed ikke noen utfordring for dagens regelverk.

Det nevnes i teksten at det ikke er nok brukernavn, passord og rolle for å skille helseopplysninger. Her vil nivåene i Gerica komme inn. Pga. de kommende kommunevise nivåene, vil SSIKT ved sammenslåing kun få tilgang til helseopplysninger i egen kommune. Nivåene vil fungere som logiske skiller.

Alternativ 1

1. Hareid kommune
2. Herøy kommune
3. Sande kommune
4. Ulstein kommune
5. Vanylven kommune
6. Volda kommune
7. Ørsta kommune

21. Arkiv Hareid kommune
22. Arkiv Herøy kommune
23. Arkiv Sande kommune
24. Arkiv Ulstein kommune
25. Arkiv Vanylven kommune
26. Arkiv Volda kommune
27. Arkiv Ørsta kommune

3.6 Økonomi og ressursar

Budsjett for prosjektet ved SSIKT i 2014 og 2015 var på om lag 2 millionar pr år, inkludert utgifter til nye servere, arbeid med felles AD mv. Dette inkluderer også løn til prosjektleiar/ fagressurs og teknisk personell ved SSIKT, samt ulike utgifter til leverandør og konsulentaktivitetar. Prosjektet har som tidlegare nemnd for same periode fått 600 000 i skjønsmidlar frå Fylkesmannen i 2014 og 2015.

Kostnader for SSIKT driftssenter vert fordelt ut frå vedteken fordelingsnøkkel. Prosjektet har hatt eige prosjektnummer. Kommunale ressursar til systembrukar og aktivitetar for å følgje opp prosjektet lokalt, ligg i kommunale budsjett.




Prosjektet har følgd oppsett tidsplan og kostnadsramme jfr plan og kontrakt med leverandør. På grunn av noko manglande kunnskap på enkelte aktivitetar i prosjektet eller avsette ressursar i nokre kommunar i delar av prosjektet, vart det betydeleg meirarbeid for tilsette ved SSIKT. Det har likevel ikkje blitt belasta aktuelle kommunar i form av ekstra fakturering.

Innsparte kostnader ved prosjektet viste seg alt ved overgang til nytt år 2016 og ny oppgradering. Som eksempel kan nemnast oppgraderingskostnader, der ein for 2016 berre betaler lisensar for 1 installasjon og 1 meldingstenar. Normalt oppgraderer vi programmet 2 gongar per år. Tabell under har oversikt over estimerte kostnader for oppgradering, inkludert mva.

Elles har vi alt etter nokre månader med felles database gode erfaringar med redusert bruk av personell både ved SSIKT og i kommunane når det gjeld å ta i bruk nye funksjonar, feilsøk og tilpassingar av nye tenester, fordi det er kun ein stad å gjere endringar på, kun ein stad å skifte sertifikat, og kommunane har ein eins bruk. Dette gjer at same faggrupper i ulike kommunar, gjer ting på same måte, og kan gi bistand til kvarandre.


Ekstern konsulentkostnad for:	2 oppgraderingar	3 oppgraderingar
7 unike databaser og edi-tenarar	Ca 330.000,-	Ca 495.000,-
1 felles database og 1 edi-tenar	Ca 50.000,-	Ca 75.000,-
Spart:	Ca 280.000,-	Ca 420.000,-

4. FRAMDRIFTSPLAN OG PROSJEKTFASER



Forprosjektet var frå juni til desember 2014 med kartlegging av kvar enkelt kommune sin bruk av Gerica med tanke på koder, malar, modular og rutinar. Etter kartlegginga skulle kommunane einast om behov for tilsvarande i « nye » Gerica. Ein skulle diskutere kva manuelle rutinar ein hadde, som skulle endrast eller forenklast, og innspel på korleis sakshandsaming og tildeling av tenester skulle vere.

Våren 2015 diskuterte ein seg fram til felles « bakteppe» og avklaringar omkring kven som skulle gjere « kva». Det var ulike delfaser med hovudarbeid å førebu felles database, avklare og bli samd om felles rutinar, lage informasjon og gi opplæring i « ny» bruk av programmet. Dette medførte at kommunane måtte gjere endringar i eigen organisasjon mht. « kven som gjer kva, og når » som følgje av endra bruk av datasystemet. Det vart deretter utført nivåkonvertering, laga nye koder, sikkerhetsprofilar og roller for alle 7 kommunane.



Mai 2015 hadde vi interkommunalt kurs om KOSTRA og IPLOS, med over 40 deltakarar, for å oppnå felles kunnskap og forståing av kva som ligg bak begrepa, samt få betre samanlikningsgrunnlag for tenesteyting, kostnader mv. Det har vore noko ulik forståing og registrering av IPLOS i EPJ fram til prosjektstart. Prosjektet bad om bistand frå fylket i høve til undervising, men dei hadde ikkje kapasitet. Kurset vart då gjennomført ved lokale ressurspersonar; ved prosjektleiari samt dåverande teamleiari på økonomi i Ulstein.


For å auke kvalitet på dokumentasjon og innhald i pasientjournalen, har det vore viktig med felles opplæring og avklaringar i høve til journalinnhald; kva, kvar, korleis, kven og kvifor. Prosjektet arrangerte difor kurs i juni 2015 med om lag 130 deltakarar i bruken av PPS(*prosedyrerøvertøyet* : «*Praktiske Prosedyrer i Sykepleien*») og kommunar har lokalt hatt internundervising i nye rutinar fortløpande. For saksbehandling vart det hausten 2015 gjennomført interkommunalt kurs i møtebok og sakshandsaming, med 80 deltakarar, delt på 3 dagar. Undervegs i året hadde prosjektleiinga fleire møter med interkommunal arkivgruppe, for å få avklart og etablert felles arkivrutine knytt til dokument frå Gerica.



Prosess med samanslåing av databaser byrja 26.10 og var slutført 25.11. 2015, med ei kommune om gongen. Aktivitet per kommune var i tett samarbeid med personell frå



leverandør, SSIKT og systembrukarane pr kommune, for å kontrollere at alt var OK. Prosessen gjekk etter planen, jf tidsløpet, om enn med nokre lange dagar.



5. NÅDDE VI MÅLET ?

Ja, prosjektet nådde hovudmålet med overgang frå 7 databaser og 7 meldingstenarar til 1 felles database og 1 meldingstenar, felles kodeverk, sikkerhetsprofilar, rutinar og bruk, innafor avsett tids og kostnadsramme. Innhald og historikk vart flytta over frå kommunane sine Gerica til felles database, med tilgongsstyring for alle kommunar, der ein fekk ivareteke personvern ved nye roller og nivå ut frå tenestebasert tilgang. Både leverandør og prosjektet i fellesskap med kommunane er stolte av det som er gjennomført !

5.1 Kva har vi oppnådd- så langt ?

Drift av Gerica og meldingstenar er meir robust enn før, og det er enklare for IT å drifte 1 applikasjon, enn 7 av kvar sort. Vi opplever at det er enklare å avdekke feilsituasjonar, då kodeverk, profilar og tilgangar er sameleis og rutinar for bruk av program er like, uavhengig av kva kommune tilsette arbeider i. Det vert arbeidd med å oppdatere og lage fleire rutinar, ut frå fleire ulike bruksfelt enn ein har hatt tidlegare, og samstille med nyaste versjon av fagprogrammet.

Vi signerte fast oppgraderingsavtale med leverandør vinter 2016 og erfarer alt no reduserte kostnader og ressursinnsats, både for SSIKT og for leverandør, jf. tabell side 9.

Tilsette har fått enklare tilgang til fagsystemet via «single sign-on». Tilsette har no ei pålogging til kommunalt nettverk, men har tenestebasert tilgang til den/ dei kommunar ein yter tenester i, eller har oppgåver for. I løpet av desember 2015 tok alle kommunar i bruk mobil pleie for tilsette i heimetenestene, og dette gjer at tilsette har EPJ i « lomma» når ein er på oppdrag i heimetenesta, eller bakvakt kan logge seg inn via mobil. Tilsette har enklare tilgang til oppdatert EPJ, raskare oversikt over data for pasient, og har betre bakgrunnsinformasjon til å yte ei best mogeleg teneste. Innsparing av tidsbruk ved mobil pleie, gjer at fleire brukarar kan få hjelp, då tenesteoversikt er samordna og andre tilsette har ei samla oversikt over kva dei ulike pleiarar har som oppdrag pr. vakt og pr. eining.

For interkommunale tenester, eller der pasient får tenester frå fleire kommunar, har pasient likevel berre 1 journal, men tilsette har kun tilgang til det som gjeld pålogga rolle og

ansvar. Då kan vedtak om teneste gjerast i ein kommune, men ytast i anna. Dette gir betre oversikt og ein kan yte meir samordna og tilpassa hjelp.

Vi opplever alt no at regionen er styrka i høve til om det er sjukdom hos ressurspersonar i ei kommune. Då kan ein ringe og be om råd frå person i anna kommune. Fagressurs ved SSIKT har også strekt seg langt i å bistå kommunar i å hjelpe med systemoppgåver, som skulle vore utført av kommunane sjølve.

Vi har i løpet av prosjektet fått betre kunnskap om korleis dei ulike kommunar har nytta fagsystemet, og fått laga felles rutinar. Der vi har hatt behov for ekstra kompetanse, har vi hatt dialog med arkivgruppa, med leverandør og med andre kommunar som har same fagsystem. Vi har gjennomført kurs i KOSTRA/ IPLOS, kvalitet og dokumentasjon og bruk av PPS, samt hatt sakshandsamingskurs for tilsette i alle kommunar. Dette har medført at sakshandsaming og dokumentasjon i EPJ vert utført på meir eins måte i kommunane. Vi har delt kunnskap, og det er blitt auka fokus på betre kvalitet i sakshandsaming og journalinnhald generelt. Betre samkøying i høve til sakstildeling, gir betre tal i høve til KOSTRA/ IPLOS og betre samanlikningsgrunnlag kommunane i mellom.

Etter innføring av mobil pleie har vi fått betre kontroll mellom vedtak om teneste og kva tiltak brukaren får, samt stoppe eller endre tiltak ved endra behov, opphald på sjukeheim eller sjukehus. Dette medfører betre kvalitet for fakturagrunnlag. Regionen har som tiltak i 2016 å etablere faktura frå Gerica til felles Agresso. Då vil god kvalitet på fakturagrunnlag gi enklare fakturakontroll og færre feil. Fakturaprojektet er planlagt til hausten 2016.

Tilsette har etter omlegginga gitt tilbakemeldingar på at det har vore mykje nytt siste året. Samstundes er alle 7 kommunar svært nøgde med at vi har fått teke i bruk mobil pleie, og vil ta det i bruk for fleire faggrupper i løpet av 2016. Tilsette meier dei brukar mindre tid enn før på feilbesøk, dei har EPJ i « lomma» og kan raskt både få kontakt med og ha oversikt over andre tilsette, og kan få bistand når aktuttsituasjonar oppstår.

Vi vonar at betra og meir samkøyrt rutinar i høve til sakshandsaming og tildeling av teneste, kan gi betre omdøme og færre klagesaker, samt betra omdøme både frå tenesteytar og tenestemottakar. Men det er for tidleg å hente ut talmateriale på dette etter prosjektslutt.

Mange av gevinstane er det vanskeleg å talfeste og måle objektivt. Først har vi konkret info om endra kostnad og ressursinnsats i høve til ajourhald og oppgradering av 7 databaser mot 1 database og overgang til 1 meldingstenar. Vi har også redusert innsats i høve til å lage og gjennomføre felles rutinar, mot at kvar kommune lagar sine egne.

Gjennom prosjektperioden og vår 2016 har ein følgd prioriteringar som vart lagt hausten 2014 som tiltak i handlingsplan, med bruk av nye funksjonar og tenester som ikkje var i bruk i Gerica før samanslåinga. Dette har ført til meir rasjonell bruk av fagsystemet, men det har vore mykje nytt å sette seg inn i på kort tid, både for SSIKT og kommunar. Det er viktig å få ei stabil periode no, slik at det som er nytt får etablere seg og at kommunar får ajourføre det ein har hatt « etterslep» på. Det vil likevel kome krav frå partar i sjukehus og legekantor mv, som fordrar vidare bruk av elektronisk samhandling, og dette må følgast



opp jf. nasjonal og regional utrulling, som vi ikkje styrer. Per i dag hadde det ikkje vore mulig å følgje slike nasjonale krav, utan å ha etablert felles database, felles drift og forvaltning. Nasjonale krav for inneverande og komande år, er vidare satsing på velferdsteknologi integrert mot fagsystem, og handtering av ulike alarmer, sporing, eRom, medisindispensarar mv. Noverande fagressurs ved SSIKT kan dekkje det som har med teknisk oppsett og rutinar, men kommunane må sjølve endre sin organisasjon for å handtere nye og andre oppgåver enn før. Så her er det viktig at ein hentar ut gevinstar i form av å gjere ting annleis enn før og teikne eigen organisasjon på nytt.

5.2 Risiko i prosjektet

Det er risiko i alle prosjekt at ressurspersonar sluttar eller av anna årsak ikkje kan ferdigstille prosjektoppgåver. Ved SSIKT og leverandør prøvde ein å sikre dette ved å ha eit team på begge sider, samt dokumentasjon undervegs i prosessen, slik at andre i teamet kunne overta om naudsynt, eller fordele oppgåver. Sentrale ressursar var tilgjengeleg gjennom heile prosjektet. På kommunesida opplevde vi nokre kommunar med skifte av ressurspersonar, eller at det ved lengre fråvere ikkje vart kompensert med tilsvarande ressurs. Det vart difor noko meirarbeid for SSIKT, då ein måtte inn og overta oppgåver som kommune sjølv skulle teke ansvar for eller hatt kunnskap om.

Som del av omlegginga fekk registrerte tenestemottakarar, tilsette, legar mv. nye nummer/ « identar». Dette medførte at ved samhandling mot NAV for vederlag i institusjon, på eksisterande brukarar, måtte det gjerast ei omlegging også hos NAV sitt datasystem. For dei tre fyrste kommunane i konvertering; Herøy, Volda og Ørsta, vart det forseinkingar og enkeltfeil for nokre brukarar. Feila bestod i at nokre trekk vart doble, andre vart ikkje trekt i det heile. Dette førte til mykje ekstraarbeid for dei tre kommunane, i å kome ajour med trekk og informere brukarane. Teknisk ressurs hos leverandør burde hatt betre dialog med kommune før massetrekke vart sendt, for å forhindre ein del av desse feila. Feil vart retta undervegs og gjaldt ikkje dei siste fire kommunane.

På teknisk side hadde konsulentar frå leverandør utfordringar i høve til påkopling vår 2015 og med aukande vanskar utover hausten. Her skulle det vore tydelegare krav og tettare dialog mellom teknisk personell på begge sider, så vanskaner kunne vore løyst før, og på ein smidigare måte. Løysinga kom etter sterkt påtrykk frå leverandør før hovudsamanslåing og hovudkonverteringa kom trygt i mål.

5.3 Kva har vi ikkje oppnådd, og kvifor ?

Ikkje alle rutinar er oppdatert endå etter siste omlegging og oppgradering, men SSIKT arbeider fortløpande med å lage rutinar for kvart fagområde og det skal vere på plass i løpet av året. Vinter og vår 2016 har fagressurs ved SSIKT brukt ekstra ressursar i høve til opplæring og avklaringsmøter i kommunar, for å bistå kommunar sine systembrukarar, halde sakshandsamingskurs og lagt til rette for opplæring av systembrukargruppa. Dette er medverkande årsak til at arbeid med oppdatering av alle rutinar ikkje er klare pr. d.d.

Ikkje alle kommunar har pr. mai 2016 fått eit fullgodt system med fast ressurs for systembrukar, ansvar og oppgåver i eiga kommune. Fagressurs ved SSIKT har brukt meir



ressursar mot kommunane gjennom heile prosjektperioden enn ein såg føre seg på førehand. Det vert arbeidd med å få betre avklaring om slik systembrukarressurs våren 2016 for nokre kommunar.

Kunnskap om korrekt bruk av fagsystemet, har endå ikkje kome « langt nok ut» til alle tilsette. Her må kommunar lage seg system for opplæring og informasjon til tilsette, og etablere gode forvaltningssystem og fordele ansvar, så rutinar vert følgt opp lokalt. Nokre kommunar har etterslep i høve til sakshandsaming, og det medfører ekstra innsats no for å kome ajour. Det same gjeld for KOSTRA/ IPLOS og kvalitet i journal.

Nokre kommunar har raskt endra rutinar og tilpassa eigen organisasjon til ny bruk av fagsystem og modular, som t.d flytta ressursar internt grunna innsparing ved mobil pleie. Alle kommunar må sjå med «nye auge» på eigen organisasjon, og endre arbeidsrutinar ut frå ny kunnskap og nye hjelpemiddel. Dette er eit utfordrande, men naudsynt arbeid, då det grip inn i organisasjon, arbeidsoppgåver og kven som gjer kva. Mange tilsette vegrar seg for endringar, og vil gjerne behalde manuell rutinar eller motarbeide endringane. Her er leiargruppa og ressurspersonar viktige lagspelarar pr. kommune, for å best mulig utnytte nye hjelpemiddel.

6. EVALUERINGAR FRÅ LEVERANDØR OG KOMMUNAR

Leverandør har gitt gode tilbakemeldingar på tett samarbeid og prosjektteam som var stabilt gjennom heile prosjektet. Gjennom heile 2015 hadde leverandør faste interne møter og faste møter med SSIKT. Det vart utarbeidd vekelogg som vart delt med både leverandørteamet og SSIKT. Kanskje vekeloggen også burde vore spreidd til kommunesida. Vi viser elles til eigen evalueringsrapport, jf. Vedlegg i kapittel 9.

Kommunar har gitt tilbakemeldingar på prosjektet at det var tidkrevjande, men samstundes fekk ein kontrollert eigen database og fekk betre kjennskap til korleis systemet var bygd opp, og forståing av korleis datasystem og tilgangar heng i hop. Kommunane fekk oversikt kva som var i eige system, kva ein hadde av dokumentasjon, og kva som måtte ajourførast. Nokre kommunar hadde- og har framleis ein del før ein er ajour. Kommunane synest det var vanskeleg å vite eksakt kva ein skulle teste i fase to. På bakgrunn av dette utarbeidd SSIKT egne sjekklister til fase tre, og det vart då enklare for kommunane.

Ein del kommunar følte at det vart ein del dobbeltarbeid, då kommunar fyrst utførte test og kontroll, medan det dei ikkje hadde tilgang til, måtte SSIKT kontrollere i etterkant.

Dei kommunar som hadde hatt vidaste roller frå før, møtte størst motstand hos tilsette, og der var det størst behov for repeterande informasjon. Vanylven hadde fakturering før prosjektet, og fekk ein del følgefeil, som burde vore fanga opp av leverandør som kjente godt til korleis fakturareglar der var sett opp. Her vart det ein del ekstraarbeid for Vanylven i overgangen melom gamal og ny database og SSIKT måtte gå fleire rundar før ein fekk avklart ein del punkt. Dette førte til unødig ekstraarbeid knytt til nokre tenester i Vanylven, og dermed ekstra slitasje der.

Kommunane har hatt PPS som praktisk prosedyreverktøy lenge, men fekk ikkje dette til å fungere etter konverteringa. Både leverandør og SSIKT brukte ein del arbeid på å finne årsak til feil. PPS har fungert greitt sidan vinter 2016.



Kommunar har gitt tilbakemeldingar på at prosjektet har ført til avklaring og oppgåvefordeling mellom SSIKT og kommunar, der det no er enklare oppgåver for systembrukarar pr. kommune, oppgradering vert handtert felles og eins rutinar og malar gjer det enklare å ha opplæring i eiga kommune. Det har vore lettare å undervise om bruken av fagprogrammet i eigen organisasjon, når det er eins i alle kommunar.

Kommunane har gitt god tilbakemelding på at SSIKT har gitt rask oppfølging og bistand. Alle har fått hjelp innan kort tid. Nokre kommunar etterspør likevel om teamet ved SSIKT burde vore større, om det kan vere sårbart med fagressurs delt på berre to personar.

Mobil pleie vart teke i bruk av alle kommunane i desember 2015, etter gode innspel frå Herøy og Volda som hadde vore pilot frå våren 2014. Det hadde ikkje vore mulig å ta i bruk mobil pleie i 5 kommunar samstundes og så raskt og smertefritt som det gjekk, utan at databaseprosjektet hadde vore gjennomført. Mobil pleie var ikkje del av prosjektet, men ein følgjekonsekvens, som kommunane alt etter kort tid ser gode gevinstar av.

SSIKT er samla sett godt nøgd med det arbeidet leverandør og deira prosjektteam har levert. Det har vore ein tett og god dialog gjennom heile prosjektet, og SSIKT har fått god oppfølging undervegs.

7. GEVINSTAR OG HANTERING FOR VARIG DRIFT

Sjå også utfyllande informasjon i punkt 5.1.kapittel 5.1.

- Meir robust drift teknisk og fagmessig. For teknisk drift har vi beredskap 24/7/365, og dei tek kontakt med fagressurs om det er behov for det. Det krev mindre å drifte 1 enn 7 ulike installasjonar, og oppgradering vert rimelegare og tek mindre tid.
- Kommunane held på med å avklare kommunalt system med systembrukarar og superbrukarar. Det kan vere ansvar for mobilar, arbeidslistar, sakshandsaming mv. Kommunar med klart ansvar har lukkast best. Eit godt døme er at Herøy har ein vaktmeister som har det tekniske ansvaret for mobiloppsett i sin kommune- i dialog med lokalt IT.
- Enklare pålogging for tilsette og mobil pleie gir raskare dokumentasjon av helsehjelp og betre grunnlag for å yte rett teneste der og då.
- Mobil pleie kan nyttast i tilfelle der kommunale linjefeil ikkje gir tilgang via pc, då mobilar går direkte via driftssenteret.
- Pasientar som har tenester i ulike kommunar, har likevel ein samla journal for same type teneste, og helsehjelpa vert betre ivareteken.
- Kommunane har fått felles rutinar i høve til arkiv og sakshandsaming. Her ser vi at det er kommunar med klart definerte tildelingskontor eller team, som har best oversikt over saker. Her er det ein veg å gå for dei mindre kommunane.
- Kommunane brukar mindre tid på feil eller å finne ut av korleis ein skal bruke program eller modular enn før. Samstundes har kommunane teke i bruk fleire modular, som krev noko ekstra i innføringsfasen. Då er det viktig å dele oppgåver utover i eigen organisasjon.
- Auka kunnskap om IPLOS/ KOSTRA- rapportering, gjer at ein kan redusere feil ved rapportering. Helse om omsorgsdepartementet kom med nye IPLOS-punkt i 2015,



noko som gjer at det er nye punkt å oppdatere, men vi reknar med reduserte feil neste år.

Ved SSIKT er det avsett fagressurs på 1,3 årsverk som tek hand om forvaltning, oppsett, overordna meldingskontroll og feilsøk. Desse hjelper til med saker systembrukar i kommunar ikkje finn ut av sjølv, eller bistår med kontroll og kontakt mot teknisk drift og mot leverandør. Kommunane har fått raskt hjelp.

Regionen bør vurdere om det for « smale» fagområder, som vederlag institusjon, faktura og ansvar for mobiloppsett t.d, bør opprettast team med nokre få personar med spisskompetanse som kan utføre slike oppgåver for mange/ alle kommunar.

SSIKT er ein ung organisasjon, og ikkje alle formelle avtaler er på plass endå- for det som har med driftssenteret sine oppgåver å gjere. Vinter 2015/ vår 2016 har det pågått eit større arbeid med å utarbeide avtaler omkring kva oppgåver som ligg til kommunar vs. SSIKT Driftssenter, samt det forvaltningsmessige, korleis saksgong og handlingsprogram skal vere forpliktande i høve til dei kommunar ein yter hjelp. Når alle avtaler er på plass, vil det klarare seie noko om kva som er kommunalt ansvar og kva som ligg til SSIKT.

Det er etablert driftsgruppe med medlemmer frå kvar kommune, som har faste møter for avklaringar, rutinar og opplæring av systembrukarane. Rutinar vert oppdaterte fortløpande vår 2016, ut frå ny funksjonalitet og ny versjon av EPJ. Arbeid med ROS-analyser vert viktig punkt å gjennomføre i 2016, både ved SSIKT og i den enkelte kommune, etter at grenseoppgang er definerte i avtaler.

8. OPPSUMMERING OG VEGEN VIDARE

Fellesprosjektet omfattar over 2600 tilsette som brukar fagprogrammet regelmessig, og alle har i ulik grad opplevd endringar som del av prosjektet. Vi ser at kommunane før fellesprosjektet har brukt programmet svært ulikt og har ulik kunnskap om ulike funksjonar. Nokre kommunar har hatt tildelingskontor eller team med ansvar for storparten av saksgong og tildeling av tenester. Det er også ulikt korleis kommunar har organisert undervising og oppfølging av nye funksjonar i programmet, for eiga kommune. Her må kvar kommune finne sin eigen veg, men det er viktig å dele oppgåver utover, så det ikkje blir for sårbart eller at saker hopar seg opp. Nokre kommunar har alt endra delar av sin organisasjon i høve til « kven gjer kva, kva tid». Det er også noko etterslep i høve til ajourhald, før rutinar, hjelpetekst og filter som er laga for gode oversikter og rapportar, fungerer som dei er tenkt- for alle. Her blir fortløpande ajourhald og dokumentasjon viktig.


Elektronisk meldingsutveksling har heile prosjektperioden endra seg ved nye meldingstypar og nye aktørar. Her er det etablert gode rutinar, der vi ser at meldingane vert handtert både i helg og yrke. Kommunane på søre Sunnmøre får gode skussmål i dette arbeidet. Vi samarbeider tett med Hf om vidare breidding av meldingar og aktørar, og tek også høgde for vidare bruk av mobil pleie, eRom ved institusjon og mottak av ulike signal frå velferdsteknologi komande år.

Formell avtale mellom SSIKT driftssenter og kommunar skal på plass medio 2016, inkludert organisasjon og saksgang. Dette vil tydeleggjere ansvars og oppgåvefordeling



mellom SSIKT og kommunar, og begge partar kan sette krav til kvarandre. Kommunane på søre Sunnmøre går i rett retning- i lag, men det tek tid å snu store organisasjonar. Vi er på rett veg.

Hareid den 24.mai 2016


Evelyn Haram Larsen,
Prosjektleder

9 VEDLEGG


- 9.1 Prosjektplan
- 9.2 Søknad om skjønnstilskot, Fylkesmannen, mars 2014
- 9.3 Forprosjektrapport leverandør nov 2014
- 9.4 Rapport til Fylkesmannen januar 2015
- 9.5 Søknad om skjønnstilskott, Fylkesmannen, mars 2015
- 9.6 Rapport til Fylkesmannen januar 2016
- 9.7 Oppgåver og ansvar SSIKT og kommunar, januar 2016
- 9.8 Sluttrapport frå leverandør, februar 2016
- 9.9 Evaluering frå leverandør, februar 2016

INFO:

- * Felles database Gericca- Sluttrapport
- * Status og utfordringar pr d.d



Evelyn Haram Larsen, prosjektleiar SSIKT



Kort bakgrunn:

- 2009: Rådmannsgruppa > « Virtuell region 2015 » og ulike prosjektgrupper; ePhorte, Sak/ arkiv, Gericca, IT drift.
- 2010: Forprosjekt « Gericca drift og utvikling», anbefaler felles drift og samordning - mht. elektronisk samhandling, døgndrift og beredskap.
- 2011: Politiske vedtak om felles driftssenter, med fordeling av utgifter. NORMEN-kurs for nøkkelpersonell alle 7 kommunar.
- 2012: Prosjektleder tilsett, flytting av 7 Gericca til Hareid, oppkobling mot NHN, tilpassingar, oppstart drift eMeldingar frå sjukehus des- 12.
- Lite å spare med 7 ulike innstallasjonar, 7 meldingstearar, ulik bruk, ulike tilgongar, mykje arbeid med feil, rettingar, opplæringar mv.
- Vart prioritert å etablere felles database og 1 meldingstenar med prosjektoppstart 2014, lagt inn i handlingsprogram for perioden 2014-2017, og søkje om skjønnsmidlar til delar av utgiftene. Vi fekk 0,6 mill x 2.

Prosjektmandatet = Felles forpliktande mål


- Felles AD skal vere etablert for alle 7 kommunar innan utgangen av 2014.
- Sju databaser for Gerica skal samordnast til ein felles database med felles kodeverk, tilgongsprofilar, malar og rutinar for bruk innan utgangen av 2015. Prosjektgruppa får mynde til å vedta kodeverk m.v for kommunane.
- Teknisk oppsett og val av funksjonar skal veljast utifrå planar om auka bruk av mobile einingar, fakturagrunnlag frå Gerica mot ein felles Agresso-installasjon (*eige prosjekt frå 2015-2016*) samt integrasjon mot ulike former for velferdsteknologi.
- Sju meldingstenarar for å handtere elektroniske meldingar via NHN skal samlast til ein. Oppsett av kommunikasjonspartar skal forenklast og ein må etablere rutinar for dagleg kontroll, beredskap og drift knytt til elektronisk meldingsutveksling.
- Arbeid med internkontrollsystem for informasjonstryggleik som stettar Normen sine krav, skal vidareutviklast.
- Innan utgangen av 2015 skal det vere utarbeidd gode rutinar på beredskap, drift og support for personell ved SSIKT driftssenter, samt avklart grenseoppgang for kommunalt ansvar kontra SSIKT. Frå 2016 blir prosjektaktivitet lagt inn som ordinære arbeidsoppgåver ved driftssenteret.

Mål/ Gevinstar for prosjektet

- Robust drift, ajourhald og rutinar for IT og fag, som ville gi meir einsarta beredskap/ support og færre feilsituasjonar.
- Reduserte kostnader knytt til lisensiering og bruk av konsulentar.
- Enklare pålogging for tilsette. Mobil pleie gir oppdatert helseinformasjon « på staden» og dokumentasjon blir fortløpande. Tilsette kan arbeide på tvers av kommunegrenser, med ulike roller, men same ident. Ved sjukdom på « smale områder» kan ein hjelpe andre kommunar. Interkommunal team med spisskompetanse kan utføre oppgåver for mange/ alle kommunar.
- For interkommunale tenester, kan vedtak om teneste gjerast i ein kommune, men ytast i ein anna. Aktuelt personale har tenestebasert tilgong, som gir god oversikt og ein kan yte meir samordna og tilpassa hjelp.
- Ved eventuelle endringar i kommunestruktur (internt for våre 7), vil det vere få tilpassingar for å handtere dette, når felles installasjon er etablert.
- Vi forventar kompetanseutvikling, kompetanseutveksling og kompetanseforvaltning i heile organisasjonen, med auka kvalitet på dokumentasjon. Tilsette kan yte hjelp til fleire brukar.
- Gode rutinar for sakshandsaming aukar kvalitet på KOSTRA-rapportering og betre samanlikningsgrunnlag kommunane mellom. Betre kontroll på vedtak vs reell tenesteyting kvalitetssikrar fakturagrunnlag. (Delprosjekt 2016: Faktura frå Gerica til Agresso) .
- Meir tilfredse brukarar og færre klagesaker, pga betre saksbehandlingsrutinar og betre samordning av tenesteyting/ dokumentasjon.
- Betre omdøme grunna auka tillit til tenesteytinga.
- Etablere teknisk plattform som kan handtere samordning med ulik type velferdsteknologi m.v.

PROSJEKTFASER:


Forprosjekt juni- des 2014
Nivåkonvertering des 2014- febr 2015



Kodeverkskonvertering mars- juni 2015
- Inkl kurs KOSTRA/ IPLOS og kvalitet/
dokumentasjon



Samanslåing sept- oktober 2015
Produksjon oktober- november 2015
- Inkl nye malar og kurs i møtebok og
sakshandsaming



Ferdigstilling og evaluering des 2015-
januar 2016

Nådde vi målet ?

JA 😊

- Overgong frå 7 databaser + 7 meldingstenarar til 1 felles database og 1 meldingstenar
- Felles kodeverk, sikkerhetsprofilar, malar, rutinar og bruk
- Innafor avsett tids og kostnadsramme.
- Innhald og historikk vart teke med frå kommunane sine Gericas til felles database, - ivareteke personvern ved nye roller og nivå ut frå tenestebasert tilgang.
- Både leverandør og prosjektet i fellesskap med kommunane er stolte av det som er gjennomført !

MEN.....der er er nokre utfordringar.....

Nokre gevinstar- så langt

- Meir robust drift teknisk + fag,- teknisk drift med beredskap 24/7/365
- Reduserte utlegg til leverandør og personell for vedlikehald, oppgradering, drift og support.
- Dei fleste kommunar har etablert fagressurs på min. 2 systembrukarar. Kommunar som har fått etablert system med systembrukar og superbrukarar t.d for ulike « modular/ funksjonar, evnar å undervise godt i eiga kommune. Enklare pålogging for tilsette og mobil pleie gir raskare dokumentasjon av helsehjelp og betre grunnlag for å yte rett teneste der og då.
- Mobil pleie har spart tid og ressursar og sikrar pasient best mulig teneste, samt gir betre utnytting av personell. Nokre kommunar har alt tilpassa eigen organisasjon. Mobil pleie kan også sikre bakvakt betre grunnlag for personell på vakt. Pasientar som har tenester i ulike kommunar, har likevel ein samla journal for same type teneste, og helsehjelpa vert betre ivareteken.
- Kommunane har fått felles rutinar i høve til arkiv og sakshandsaming- men ikkje alle har teke dei i bruk.
- Kommunane brukar mindre tid på feil eller å finne ut av korleis ein skal bruke program eller modular enn før. Samstundes har kommunane teke i bruk fleire modular, som krev noko ekstra i innføringsfasen. Då er det viktig å dele oppgåver utover i eigen organisasjon.
- Auka kunnskap om IPLOS/ KOSTRA- rapportering, gjer at ein kan redusere feil ved rapportering. Ajourhald knytt til sak/ teneste må prioriterast.

Oppfølging vår 2016- nye funksjonar- kan gi auka kvalitet

- **Helsekort/ ny laboriemodul:** Rask/ enkel oppdatering (også via mobil)
- Oppslag /oppdatering via **Folkeregister** (korrekt adresse, pårørende mv)
- Import av skattedata- **Inntektsopplysningar**
- **Ny tiltaksplan-** Betre dokumentasjon på brukar sine behov og utført hjelp-
jf krav ved tilsyn >(seinast mai 2016)
- **Gerica Plassadministrasjon:** Verktøy for handtering av plassar i institusjon
og bustader, venteliste, oversikt over innlagte i sjukehus, tildeling,
logistikk, rapportar. (*integrert med saks-funksjon for aktuelle tenester*)

Utfordringsbildet- knytt til prosjektmål-sakshandsaming

Kommunesamarbeid frå 2006:

- Auka fokus på ajourhald knytt til nytt lovverk, nye krav og nye funksjonar i program
- Intern opplæring og fordeling av ansvar.
- Dei 2 minste kommunane hadde ved oppstart av prosjektet størst etterslep, særleg i høve til sak og forvaltning.
- Dei største kommunane har meir gradvis endra sin organisasjon gjennom åra 2006 fram til d.d, m.a ved tildelingskontor eller saksbehandlarteam med spisskompetanse.

Status mai 2016:

- 1 kommune har pr d.d ikkje tilpassa organisasjon (kven gjer kva) eller fått rydda i sak og tenestetildeling, slik at ein kan gjere nytte av tilpassingar og hjelpemiddel som ligg i ny database.
- Alle kommunar har ulike grader av manglar knytt til KOSTRA/- IPLOS- opplysningar.
- Alle kommunar har ulik grad av manglar i høve til rutinar/ vedtak om tvang

For sakshandsaming, tildeling av tenester og KOSTRA/ IPLoS ynskjer vi:

- Pålitelege postlister frå Geric- og rutiner for arkiv
- At søknader vert handtert korrekt innafor aktuelle fristar
- At sak og vedtak har korrekt innhald, vurdert ut frå korrekt lovverk, og tenester tildelt med behovsprøvd omfang og timestimat. Informasjon om innsynsrett og klagerett må opplysast om, sameleis betaling, eller anna relevant informasjon til aktuell sak.
- Lett oversikt over ubehandla saker pr kommune eller eining eller pr sak
- Enkelt oversikt av pasientflyt kommune/ sjukehus og dermed kontrollere om HF har følgd inngått samhandlingsavtale i høve til varsling (for å redusere liggedøgnsbøter) .
- Enkel oversikt liggedøgn institusjon eller eining, ventelister til sjukeheims plassar eller bustader, eller oversikt over ledig kapasitet fram i tid- institusjon, for t.d tildeling av forutsigbare avlastningsplassar, ø hjelp osv.
- Innarbeide avtalte rutinar- slik at KOSTRA/ IPLoS info vert fortløpande ajourført, for å auke kvalitet på rapportert grunnlag, og redusere skippertak eller etterslep.

Vi **HAR** god programvare, skrivne rutinar og har gjennomført opplæring i ALT dette (minus Hareid- for Plassadm) - men det **nyttar ikkje dersom den enkelte kommune IKKJE tilpassar eigen organisasjon til å innarbeide det i dagleg bruk.**

SAK og tildeling av tenester er det som « bind» storparten av Pleie/ Omsorg/ Velferd sine midlar.....

Systemressurs/ kommunal oppfølging:

Prosjektet hadde delt ansvar: 1 del Leverandør, 1 del SSIKT personell og 1 del oppgaver utført lokalt. 2 kommunar hadde ikkje dedikerte systemressursar delar av prosjektperioden.

Konsekvens= Redusert informasjon og dialog for desse to kommunane sine tilsette og leiarar- og meirarbeid for SSIKT.

Frå januar 2016 er det etablert ei fast driftsgruppe med regelmessige møter/ opplæring via SSIKT. Oppgåvefordeling mellom SSIKT og kommunar er laga. Systembrukarar pr kommune (min 2 personar, gjerne ulik fagbakgrunn) skal deretter -via utarbeidde rutinar/ manualar- syte for oppfølging og opplæring i eiga kommune.

Kven bestemmer ?

- **Lokal fagressurs?** - så kommunen kan følgje opp lokalt - opplæring, kontroll og ajourhald
- **Saksgang og vedtak(inkludert KOSTRA/ IPLOS)?**- så det er i samsvar med vedtekne rutinar/lover

Prosjektleder tek gjerne møter med aktuelle kommunar om det er ønskeleg

Det må i samband med arbeid knytt til SLA mv for SSIKT avklarast nærare ansvar

Avklaring omkring ansvar for 2 pkt:

Saksgang og mynde- for tiltak i handlingsprogram: KVAR ligg ansvaret ?

- SLA og rammeverk omkring SSIKT var tenkt å vere på plass i 2015. Siste året vore litt « vakuum» korleis saksgang til strategigruppa skulle vere.(og kven som skal snakke med/ informere/ bestemme kva).
- Eksempel: Gericaplassadministrasjon, ønska frå Volda i 2014, og prioritert frå Gericaforum i fjor vinter - etter dialog i eigne kommunar. Strategigruppa tok dette med som prioritert tiltak i sitt budsjettframlegg våren 2015. Ved gjennomgang av tiltak- i møter med rådmannsgruppa, vart alle tiltak kort forklart, for vidare budsjettarbeid i eiga kommune. Tiltaket vart ikkje nedstemt eller stilt spørsmål ved i nokon kommunar- før få dagar før opplæring.
- 2 kommunar brukar IKKJE PLA i dag. Dette vil gi konsekvens- ved ulik bruk, ulike rutinar- særleg til sakshandsaming og fakturagrunnlag. Vi må unngå liknande saker.

Legekontor/ fastlegar som ikkje oppfyller nasjonale krav til bruk av eMeldingar eller kontroll/ daglege rutinar/ Normen. SSIKT har ikkje mynde her,- rådmenn ?

Spørsmål ?

Evelyn Haram Larsen, prosjektleiar evelyn.haram.larsen@ssikt.no

Norunn Masdal Vartdal, fagressurs norunn.vartdal@orsta.kommune.no

Mobil 97 50 79 04

Mobil 911 64 966

13.06.2016

13



Eg ber om at vedlegga vert sendt som orienteringssak for driftsstyret ved neste ordinære utsending. Dokumenta bør også gå vidare til kommunestyret som orienteringssak.

Mvh

Rune

Fra: Evelyn Haram Larsen
Sendt: 10. juni 2016 15:16
Til: Wenche Solheim
Kopi: Rune Sjurgard
Emne: VS: Sluttrapport, prosjektplan og presentasjon- skrivebord

Hei og takk for i dag.

Vedlagt er signert rapport + presentasjonen eg gjekk gjennom i dag. Det kan du sende ut i lag med referatet.

Kanskje legge ved som referat- politisk møtereferrat.

No er Gerica i drift- og nokre telefonar igjen 😊

Med helsing

Evelyn Haram Larsen | Prosjektleiar
SSIKT Driftssenter
SSIKT

 SSIKT logo



NOTAT

Formannskapet
Driftsstyret

Sak: Samarbeid mellom Volda kulturskule og Volda skulekorps skuleåret 2016/2017

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2016/946	6768/2016	223	OPP/PERKON	07.06.2016

SAMARBEID MELLOM KULTURSKULEN OG VOLDA SKULEKORPS SKULEÅRET 2016/2017

Det er vanleg praksis i kommunane både her på Sunnmøre og på landsbasis at kor og korps kjøper dirigenttenester av kulturskulen. Dei siste åra har dette ikkje vore praksis i Volda.

Som ei prøveordning komande skuleår, tek Volda kulturskule sikte på eit samarbeid med Volda skulekorps. Ordninga har hovudsakleg to målsetnader:

- Å etablere eit tettare samarbeid med korpset om rekruttering og fagleg kvalitet. På lang sikt er det og eit mål å bidra til at kulturskulen sine elevar ikkje droppar ut i ungdomsskulalder, men held fram med å utvikle seg som musikarar som kan bidra i det lokale kulturlivet, og vere aktuelle kandidatar for musikklinja på vidaregåande skule.
- Å sikre gode og ryddige arbeidsforhold for dirigenten. Dette er viktig for kulturskulen for å halde på kvalifisert arbeidskraft og sikre kvalitet og stabilitet.

Organisering og avtalar blir gjort på svært ulike vis i kommunane. Den her omtala prøveordninga tek utgangpunkt i den måten arbeidsåret for lærarar i kulturskulen er organisert. Med utgangpunkt i aktiviteten og talet på øvingar og konsertar for korpset, tilsvarar dette eit undervisningstimetal som utgjer om lag 15% stilling. Dirigenten er då tilsett som kulturskulelærar i Volda kommune, men yter dirigenttenester til Volda skulekorps. Korpset betalar Volda kulturskule det dei til vanleg ville betalt ein dirigent. Lønskostnaden utgjer om lag kr 85 000,-, medan Volda skulekorps betalar Volda kommune kr 50 000,- i refusjon.

Dette har to sider:

På den eine sida tyder dette at Volda kommune betalar meir for dirigenten enn det korpset betalar i refusjon.

På den andre sida vil kulturskulen kunne gje fleire barn og unge eit stabilt musikk- og kulturtilbod med høg kvalitet. Ressursane som her vil bli brukte tilsvarar eit individuelt tilbod til om lag åtte elevar.

Ordninga skil seg ikkje vesentleg i kostnad frå det Ulstein og Ørsta kommunar yter til sine skulekorps.

Tiltaket vert gjennomført innanfor kulturskulen sine tildelte rammer, og blir finansiert gjennom ei omprioritering av individuelle timar.

Tiltaket er i tråd med det formannskapet vart orientert om i notat, dagsett 02.05.2016, som omhandla inntektsavhengig foreldrebetaling. Der kom det fram at rektor ved kulturskulen ynskjer å vri noko av aktiviteten frå individuelle timar mot gruppeaktivitetar. Dette for å nå fleire barn og unge innanfor same økonomiske rammer.

Tiltaket er også i tråd med ein av strategiane i kommuneplanen sin samfunnsdel:

Styrke samarbeidet, stimulere og legge til rette for frivillige lag og organisasjonar, kultur og fritidsaktivitetar for alle.

Rune Sjurgard
rådmann

Per Ivar Kongsvik
oppvekstsjef



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Asbjørn Moltudal	Arkivsak nr.:	2012/536
		Arkivkode:	031

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
36/16	Driftsstyret	17.08.2016
139/16	Formannskapet Kommunestyret	16.08.2016

POLITISK ORGANISERING - DRIFTSSTYRE

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Kommunestyret vedtek å dele Driftsstyret i to tenesteval:**
 - a. Tenesteval for helse- og omsorg (THO)**
 - b. Tenesteval for barn og unge (TBU)**

**Utvala skal ha ... medlemmer med varamedlemmer
I tillegg får Forvaltningsstyret endra si nemning til Forvaltningsutval.
Endringa skjer frå 01.01.2017**

- 2. Sak om endring av reglement og delegering som fylgje av vedtaket vert å legge fram for kommunestyret i løpet av hausten.**

Vedleggsliste:

1. Notat frå rådmannen d.s. 4/2-16 vedkomande politisk organisering – driftsstyret
2. Vedtak i driftsstyret - 11.05.2016

Samandrag av saka:

I samband med folkevaltopplæringa drøfta ein mellom anna den politiske organiseringa i kommunen og i den samanheng m.a. **driftsstyret sitt område, omfang og oppgåver.**

Med bakgrunn i den prosessen som har vore etter den tid vil rådmannen tilrå endring av den politiske organiseringa slik at Driftsstyret vert delt i eit Tenesteval for helse- og omsorg (THO) og eit Tenesteval for barn og unge (TBU). Endringa vert gjort gjeldande frå 01.01.2017. Før iverksetjing skal kommunestyret ha førelagt seg sak om delegering som fylgje av endringa.

Saksopplysningar:

I samband med folkevaltopplæringa drøfta ein mellom anna den politiske organiseringa i kommunen og i den samanheng m.a. **driftsstyret sitt område, omfang og oppgåver.**

Rådmannen oppfatta signal om at ein ynskte ein nærare gjennomgang området for å sjå om det er trong om ei endring.

Det vart difor utarbeidd eit notat for formannskapet og driftsutvalet som grunnlag for ei nærare drøfting. Notatet fylgjer vedlagt til vitende.

I notatet og drøftingane i ettertid er det peika på at;

Oppgåver som Sektorplanar/temaplanar, Analyse av teneste (dekningsgrad, behov, ressursbruk og strategi), driftsrapportar, forvaltning og drift av eigedomar, er store og komplekse oppgåver som det er viktig at politikarane får høve til å setje seg godt inn i og sjå samanhengar. Ein bør difor legge til rette for at det politiske utvalet til dømes kan arbeide med tema eller problemstillingar innanfor eit område og leggje fram melding evt. sak til kommunestyret. Dette er heilt i tråd med dei signala driftsutvalet i førre periode gav uttrykk for.

Ulempa ved ein slik modell er at ansvarsområdet for dagens driftsstyre truleg bli for stort, og det vert eit vakuum mellom politikk og administrasjon. Ansvarsområdet for dagens driftsstyre gjer det også vanskeleg å følgje opp driftsstyret på ein god nok måte frå administrasjonen.

For å bøte på det vart det skissert ei **deling av driftsstyret** ved at ein tenkjer seg to tenesteutval eller tenestestyre.

1. Tenesteutval helse- og omsorg (THO)
2. Tenesteutval barn og unge (TBU)

Ved ei slik oppdeling kan t.d **oppvekstsjefen** møte fast for utvalet for barn og unge, **og helse-/omsorgssjefen** for utvalet for helse og omsorg. Andre sektorsjefar kan ev møte i tillegg ut frå saksområde.

Ein mulig modell:



I førre kommunestyreperiode vart det frå politisk hald kartlagt viktige prinsipp som dei meinte den politiske organiseringa må spegle:

- *Arena og rom for utviklingsarbeid. Organisering som opnar for kreativitet og utvikling av kommunen; samfunnet er i utvikling og dette bør også kommunen speile (f.eks. Bulyst); rom for å ta opp nye idear*
- *Vere gode tilretteleggjarar, effektive og sikre god kvalitet*
- *Gode samarbeidsprosessar mellom politikarane og administrasjonen som sikrar gode beslutningsgrunnlag og at vedtak blir følgd opp*
- *Politikarar med oversikt og faginnsett*
- *Eit godt omdøme*

Kommunestyret har i tillegg m.a. i samband med budsjett/økonomiplan vedteke **prinsipp for drifta** i kommunen:

- ✓ Fokus på kjerneoppgåvene.
- ✓ Standard som er god nok
- ✓ Optimalisere ressursbruken
- ✓ Smarte løysingar
- ✓ Fokus på budsjettstyring.

For at ein skal kunne sikre god administrativ og politisk oppfølging av desse prinsippa på dei ulike områda er det naudsynt at ein spissar prioriteringane og ikkje spreier seg på for mange område. Utvala bør vidare kommunisere seg i mellom og sikre at dei arbeider opp mot ein felles strategi som sikrar god styring av kommunen sine ressursar. Dette vil sikre at bestillingar og prioritering medverkar til verdiskaping.

I notatet er det i tillegg drøfta sikring av demokratisk deltaking, gråsone mellom driftsstyret og formannskapet og tenesteutvala sine moglegheiter til å sjå heilskapen innanfor tenesteområdet også innanfor økonomien.

Men primært bør tenesteutvala ha som formål å skaffe seg kunnskap om tenestene, utfordringar og om tiltak som påverkar resultat. Tenesteutvala bør ut frå den kunnskapen dei skaffar seg ta tak i utfordringsområde og setje søkelys på dette til dømes gjennom ei meldingssak til kommunestyret. Ved slike initiativ kan dei gi seg sjølve mandat og samarbeide med sektoradministrasjonen i utarbeidinga av meldinga.

For å ta eit døme kunne dette vere ein gjennomgang av tenesteprofilen i helse og omsorg i høve til dagens og morgondagens behov, jfr stikkord på problemstillingar:

- ✓ kostnader og organisering av drifta i høve til normert nivå (statleg utrekning) og samanliknbare kommunar.
- ✓ teneste organisert etter rett kompetanse og på rett nivå - korleis er dette i dag - og kva tiltak vil vere nødvendig å foreslå .
- ✓ førebyggjande tiltak for å redusere behovet for tyngre pleie

Tenesteutvala bør sjå samanhengane og derfor også ha kunnskap om den økonomiske utviklinga i tenesteområda. Oppfølginga av budsjettet er delegert til administrasjonen. Dersom det oppstår budsjettavvik, så er det forhold som administrasjonen bør ta opp med formannskapet som har det overordna økonomiske tilsynsansvaret på vegne av kommunestyret. Dette inneber at spørsmål om budsjett disponeringar og korrigeringar alltid skal gå om formannskapet. Tenesteutvala bør derfor ikkje gjevast økonomisk disposisjonsrett over budsjettet, men heller verte orientert for å ha kunnskap om utfordringane.

Etter dagens rapporteringssystem går økonomirapportane til formannskapet, og tertialrapporten går via formannskapet til kommunestyret. Dei månadsvisе økonomirapportane bør framleis gå direkte til formannskapet, men tenesteutvala bør få utskrift av desse. Tertialrapportane (økonomi- og tenesterapportering) bør også som i dag gå direkte til formannskapet som innstiller til kommunestyret, men denne rapporten bør i tillegg gå til tenesteutvala til uttale som vert lagt ved i utsendinga av tertialsaka til kommunestyret.

Denne saka er i to omgangar blitt drøfta i formannskapet og driftsutvalet. Då saka vart drøfta i driftsutvalet 11. 05. gjorde driftsstyre eit slikt vedtak:

Driftstyret ser på det som positiv med ei deling av driftsstyret. Dette for å sikre involverte politikarar med god kjennskap til avdelingane. Målet er at politikarane ikkje lenger berre skal gjere vedtak i ferdig utforma saker, men delta aktivt i utforminga av drifta i Volda.

Driftstyret oppfordrar formannskapet til å initiere ein prosess med mål å gjere ei deling av oppgåvene driftstyret har i dag. Mellom anna at gjeldande punkt vert gjenstand for diskusjon i denne prosessen.

- 1: Driftstyret vert delt i 2 fagstyre; Styre for kultur og oppvekst og styre for helse og omsorg
- 2: Kwart av styra skal ha minst 7 medlemmar med tilhøyrande vara
- 3: Oppvekstsjefen og helse- og omsorgssjefen skal som hovudregel møte i møta til dei nye styra
- 4: Styra skal brukast aktivt som rådgjevande organ i saker som gjeld dei respektive fagområda
- 5: Dei nye styra trer i kraft frå januar 2017
- 6: Dei nye styra har like innstillingsrettar som det driftstyret har i dag

Vurdering og konklusjon:

Etter dei signala som er kome fram i samband med denne saka har rådmannen tru på at ei deling av driftsstyret der ein i endå større grad får fokus på dei kommunale tenestene og dei vedtekne prinsippa for drifta i kommunen vil kunne ha ein positiv effekt på den politiske styringa.

I somme høve vil det truleg oppstå saker i gråsona mellom dei to driftsutvala. I dei høva vil rådmannen måtte avklare korleis saksgangen skal vere.

Styre-utval- nemnd:

Rådmannen har ikkje noko vesentleg oppfatning om kva nemning ein skal nytte på dei kommunale organa – -styre , -utval, -komité eller nemnd, men ser at det var eit tema i driftsutvalet.

Kommuneloven nyttar nemningane utval og komité i §10 når desse er faste, medan «styrebegrepet» vert nytta i §11 i samband med styre for institusjon og liknande.

Slik ein tenkjer seg oppgåvene til organet beskrive i denne saka og i ovannemnde vedtak i driftsstyret vil truleg «utval» vere den vanlegaste nemninga. På den andre sida nyttar kommunen nemninga «forvaltningsstyre» om organet som m.a. gjer vedtak som gjeld. Til forskjell frå driftsstyret gjer forvaltningsstyret vedtak i saker som «gjeld private personar og /eller private rettssubjekt sine rettar og plikter...» og i tillegg myndighetsutøving i høve plandelen i plan og bygningslova (jfr. Reglement for Forvaltningsstyret K.sak 45/11)

Utan at det har nokon praktisk betydning for organa, bør kanskje nemninga utval eller styre vere likt på dei 3 organa og rådmannen vil difor tilrå at organa får nemningane:

Tenesteutval for helse- og omsorg (THO)

Tenesteutval for barn og unge (TBU)

Forvaltningsutval

Storleik på utvala:

Rådmannen har heller ikkje noko vesentleg oppfatning om storleiken på utvala, men rår til at dei vert så pass store at den demokratiske dimensjonen og storleiken på partia vert ivareteke, samtundes som at utvala ikkje er større enn at dei vert god arena og gjev rom for utviklingsarbeid. Utvala må vere gode tilretteleggjarar, effektive og sikre kvaliteten i tenestene og saman med administrasjonen sikre gode beslutningsgrunnlag og at vedtak blir følgd opp. På bakgrunn av dette tilrå rådmannen 5 eller 7 medlemmer med varamedlemmer.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen direkte,

Økonomiske konsekvensar:

Fleire utval og medlemmer til utval medfører liten auke i kostnader. Anna organisering kan motverke auke i kostnadene på tenester. Usikkert.

Rune Sjugard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
Rådgevar

Utskrift av endeleg vedtak:

Rådmannen for ajourføring regelverk og delegering



VOLDA KOMMUNE

Rådmann

NOTAT

Frå: Rådmannen

Sak: Interne prosessar - organisering, delegering og styringssystem - politisk organisering

Arkivsak nr. Løpenr. Arkivkode Avd / Sakshandsamar Dato
2012/536 1359/2016 031 ADM/ASBMOL 04.02.2016

NOTAT - POLITISK ORGANISERING - DRIFTSSTYRET

Bakgrunn for at saka no kjem opp:

I samband med folkevaltopplæringa i fjor haust drøfta ein mellom anna den politiske organiseringa i kommunen og i den samanheng m.a. **driftsstyret sitt område, omfang og oppgåver.**

Rådmannen oppfatta signal om at ein ynskjer ein nærare gjennomgang av dette området for å sjå om det er trong om ei endring.

Rådmannen legg difor med dette fram eit notat for formannskapet som grunnlag for ei nærare drøfting. I fall formannskapet ynskjer å gå vidare med saka, kan notatet leggest fram for driftsutvalet for vidare drøfting og attendemelding.

På bakgrunn av desse drøftingane kan så administrasjonen legge fram ei formell sak for politisk handsaming. Sak om revisjon av delegeringsfullmakter vil bli lagt fram som eiga sak ut frå resultatet av den politiske handsaminga.

Grunnlag:

Gjeldande politisk organisering vart vedteken av kommunestyret den 24.09.14, sak PS 126/14:

1. Kommunestyret vedtek følgjande formål og oppgåvedeling for dei politiske utvala:

Utval	Formål	Hovudoppgåver/saksområde
<i>Formannskapet</i>	<i>Strategisk utvikling</i>	<i>Samfunnsplanar Arealplanar Økonomisk planlegging og økonomisk styring Beredskap og ROS-analyse Næring Kjøp og sal av eigedomar Bygge- og anleggsprosjekt Infrastruktur og samferdsel Arbeidsgjevarstrategi</i>
Driftsstyret	Tenesteyting og tenesteutvikling	Sektorplanar/temaplanar Analyse av tenestene Driftsrapportar Prinsipielle saker om tenesteyting Forvaltning, drift og vedlikehald av eigedomar
<i>Forvaltningsstyret</i>	<i>Myndigheitsforvaltning</i>	<i>Enkelt saker innanfor landbruk, areal- disponering, dispensasjonar, byggjeløyve, matrikkel, brann, motorferdsel, bevillingar, lokalt vegmynde, forureining, vatn og avløp, hamn og farvatn Klagehandsaming i saker etter plan- og byggningslova, jordlova og konsesjonslova.</i>



VOLDA KOMMUNE

Rådmann

- 2. Alle tre utvala har likeverdig innstillingsrett, bortsett frå at driftsstyret og forvaltningsstyret ikkje har slik innstillingsrett i budsjett- og økonomisaker.*
- 3. Byggenemnda vert etter kommunelovgjevinga endra til eit reint politisk organ. Byggenemnda skal ha 5 medlemmer med varamedlemmer. Desse vert valt av kommunestyret og nemnda sorterar direkte under formannskapet. Byggenemnda styrer prosessane med planlegging og gjennomføring av byggjeprojekt og koplar inn brukarar, fagpersonar mv.*
- 4. Delegeringsfullmakter tilpassa strukturendringane skal leggjast fram for kommunestyret for godskjenning.*
- 5. Volda kommune praktiserer forvaltningslova sin normale saksgang via underinstans til fylkesmannen som klageinstans ved klagesaker utløyst etter særlov. Volda kommune praktiserer forvaltningslova sin normale saksgang gjennom underinstans til fylkesmannen for saker som vert handsama etter særlov. Dette gjeld ikkje for saker etter plan- og bygningslova, jordlova og konsesjonslova der klagen skal handsamast i forvaltningsstyret før klagen går vidare til fylkesmannen.*
- 6. Klagenemnda i klientsaker ved lagt ned.*

Medlemene i driftsutvalet gav i førre periode uttrykk for at dei hadde ynskje om å gå nærmare inn på ulike tema og drøfte problemstillingar innanfor tenesteområda.

Oversikta over politiske saker i dei ulike utvala dei siste åra viser at det har vore ein samla auke politiske saker frå 2011 til 2015 på 133 saker. Kommunestyret, formannskapet og forvaltningsstyret har alle hatt vekst i saker, medan driftsstyret har hatt ein reduksjon i tal saker. (Endring av saker i perioden 2011 – 2015: kommunestyret + 106, formannskapet + 37, driftsstyret – 31 og forvaltningsstyret + 21)

I dette notatet er det difor spesielt driftsstyret sitt saksområde, omfang og oppgåver som vert teke opp til drøfting.

Ein kommune må finne ein balanse mellom effektiv struktur som sikrar eintydig styring retta mot effektiv forvaltning og strategisk utvikling og demokratisk deltaking.

Hovudoppgåver/saksområde

I ovannemnde vedtak (PS 126/14) forsøkte ein å ”rydde” i **formålet og Hovedoppgåver/ saksområdet for formannskapet, driftsstyret og forvaltningsstyret**. Dette medfører større fokus på **tenesteyting, tenesteutvikling og strategiutvikling** for driftsutvalet.

Oppgåver som Sektorplanar/temaplanar, Analyse av teneste (dekningsgrad, behov, ressursbruk og strategi), driftsrapportar, forvaltning og drift av eigedomar, er store og komplekse oppgåver som det er viktig at politikarane får høve til å setje seg godt inn i og sjå samanhengar. Ein bør difor legge til rette for at det politiske utvalet til dømes kan arbeide med tema eller problemstillingar innanfor eit område og leggje fram ei melding evt. sak til kommunestyret. Dette er såleis heilt i tråd med dei signala driftsutvalet i førre periode gav uttrykk for.

Ulempa ved ein slik modell er at ansvarsområdet for dagens driftsstyre truleg bli for stort, og det vert eit vakuum mellom politikk og administrasjon. Ansvarsområdet for dagens driftsstyre gjer det også vanskeleg å følgje opp driftsstyret på ein god nok måte frå administrasjonen.

For å bøte på det kan ein t.d. skissere ei **deling av driftsstyret** ved at ein tenkjer seg to tenesteutval.

1. Tenesteutval helse- og omsorg (THO)
2. Tenesteutval barn og unge (TBU)




VOLDA KOMMUNE

Rådmann

Ved ei slik oppdeling kan t.d **oppvekstsjefen** møte fast for utvalet for barn og unge, **og helse-/omsorgssjefen** for utvalet for helse og omsorg. Andre sektorsjefar kan ev møte i tillegg ut frå saksområde.

Ein mulig modell:



Kanskje kan ei slik deling også vere fornuftig ut frå at driftsstyret i dag har få saker og i all hovudsak vedtakssaker. Truleg er det også mindre behov for å gjere vedtak i enkeltsaker ettersom mykje av det daglege er faglege vert handtert av administrasjonen

I førre periode vart det frå politisk hald kartlagt viktige prinsipp som dei meinte den politiske organiseringa må spegle:

- *Arena og rom for utviklingsarbeid. Organisering som opnar for kreativitet og utvikling av kommunen; samfunnet er i utvikling og dette bør også kommunen speile (f.eks. Bulyst); rom for å ta opp nye idear*
- *Vere gode tilretteleggjarar, effektive og sikre god kvalitet*
- *Gode samarbeidsprosessar mellom politikarane og administrasjonen som sikrar gode beslutningsgrunnlag og at vedtak blir følgd opp*
- *Politikarar med oversikt og faginnsikt*
- *Eit godt omdøme*

Kommunestyret har i tillegg m.a. i samband med budsjett/økonomiplan vedteke **prinsipp for drifta** i kommunen:

- ✓ *Fokus på kjerneoppgåvene.*
- ✓ *Standard som er god nok*
- ✓ *Optimalisere ressursbruken*
- ✓ *Smarte løysingar*
- ✓ *Fokus på budsjettstyring.*

For at ein skal kunne sikre god administrativ og politisk oppfølging av desse prinsippa på dei ulike områda er det naudsynt at ein spissar prioriteringane og ikkje spreier seg på for mange område. Utvala bør vidare kommunisere seg i mellom og sikre at dei arbeider opp mot ein felles strategi som sikrar god styring av kommunen sine ressursar. Dette vil sikre at bestillingar og prioriteringar medverkar til verdiskaping.

I tillegg må ein sikre demokratisk deltaking ved å ty til nye arbeidsmåtar for å involvere innbyggjarane, invitere til deltaking og partnerskap. Vedtaksorgan som møter og gjer vedtak i ferdigutgreidde saker frå administrasjonen vil i framtida verte supplert og dels også erstatta med



VOLDA KOMMUNE

Rådmann

andre metodar for førebuing av avgjerdsgrunnlag. M.a vil dette vere viktig i samband med planarbeid og strategiutvikling innanfor dei ulike områda.

Det kan i dag opplevast som at det er gråsoner mellom driftsstyret og formannskapet då det går ein del saker som har med drifta å gjere til formannskapet. Dette kan ha samband med at saker som gjeld økonomi går til formannskapet. Dersom desse sakene også skal gå til driftsstyret, så får ein ei dobbelt handsaming.

Skal ein få oppfylt prinsippa nemnt ovanfor med politisk oversikt og faginsikt og i tillegg fokus på økonomistyring innanfor fagområdet vil eg tru at tenesteutvala må kunne sjå heilskapen innanfor tenesteområdet også innanfor økonomien, og då sjølvstendig innanfor dei premissane kommunestyret har lagt i budsjettssamband. Men primært bør tenesteutvala ha som formål å skaffe seg kunnskap om tenestene, utfordringar og om tiltak som påverkar resultatene. Tenesteutvala bør ut frå den kunnskapen dei skaffar seg ta tak i utfordringsområde og setje søkelys på dette til dømes gjennom ei meldingssak til kommunestyret. Ved slike initiativ kan dei gi seg sjølv mandat og samarbeide med sektoradministrasjonen i utarbeidinga av meldinga.

For å ta eit døme kunne dette vere ein gjennomgang av tenesteprofilen i helse og omsorg i høve til dagens og morgondagens behov, jfr stikkord på problemstillingar:

- ✓ kostnader og organisering av drifta i høve til normert nivå (statleg utrekning) og samanliknbare kommunar.
- ✓ teneste organisert etter rett kompetanse og på rett nivå - korleis er dette i dag - og kva tiltak vil vere nødvendig å foreslå .
- ✓ førebyggjande tiltak for å redusere behovet for tyngre pleie

Den daglege drifta i sektorane er i hovudsak fagleg utøving som vert gjort av administrasjonen. Det kan vere feil fokus å sjå for seg at tenesteutvala skal få seg framlagt mange enkeltsaker for å kunne gjere vedtak. For å utøve politisk leiarskap bør ein i større grad fokusere på kunnskap om problemstillingane og prosessar for å lyfte desse fram og sjå på tiltak som innspel til budsjett- og økonomiplanprosessane og ev kommunedelplanar.

Tenesteutvala bør sjå sambandane og derfor også ha kunnskap om den økonomiske utviklinga i tenesteområda. Oppfølginga av budsjettet er delegert til administrasjonen. Dersom det oppstår budsjettavvik, så er det forhold som administrasjonen bør ta opp med formannskapet som har det overordna økonomiske tilsynsansvaret på vegne av kommunestyret. Dette inneber at spørsmål om budsjett disponeringar og korrigeringar alltid skal gå om formannskapet. Tenesteutvala bør derfor ikkje gjevast økonomisk disposisjonsrett over budsjettet, men heller verte orientert for å ha kunnskap om utfordringane.

Etter dagens rapporteringssystem så går økonomirapportane til formannskapet, og tertialrapporten går via formannskapet til kommunestyret. Dei månadsvise økonomirapportane bør framleis gå direkte til formannskapet, men tenesteutvala bør få utskrift av desse. Tertialrapportane (økonomi- og tenesterapportering) bør også som i dag gå direkte til formannskapet som innstiller til kommunestyret, men denne rapporten bør i tillegg gå til tenesteutvala til uttale som vert lagt ved i utsendinga av tertialsaka til kommunestyret.

Notatet vert i denne omgang lagt fram for formannskapet til drøfting.



NOTAT

Interne mottakarar:
Rådmann Asbjørn Moltudal

Formannskapet

Sak: Interne prosessar - organisering, delegering og styringssystem - politisk organisering

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2012/536	7204/2016	031	SVK/BENTKRO	15.06.2016

POLITISK ORGANISERING. VEDTAK FRÅ DRIFTSTYRET SITT MØTE 11.05.16

Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 11.05.2016

Driftstyret ser på det som positiv med ei deling av driftsstyret. Dette for å sikre involverte politikarar med god kjennskap til avdelingane. Målet er at politikarane ikkje lenger berre skal gjere vedtak i ferdig utforma saker, men delta aktivt i utforminga av drifta i Volda.

Driftstyret oppfordrar formannskapet til å initiere ein prosess med mål å gjere ei deling av oppgåvene driftstyret har i dag. Mellom anna at gjeldande punkt vert gjenstand for diskusjon i denne prosessen.

1: Driftstyret vert delt i 2 fagstyre; Styre for kultur og oppvekst og styre for helse og omsorg

2: Kwart av styra skal ha minst 7 medlemmar med tilhøyrande vara

3: Oppvekstsjefen og helse- og omsorgssjefen skal som hovudregel møte i møta til dei nye styra

4: Styra skal brukast aktivt som rådgjevande organ i saker som gjeld dei respektive fagområda

5: Dei nye styra trer i kraft frå januar 2017

6: Dei nye styra har like innstillingsrettar som det driftstyret har i dag

Bente Kristin Krøvel
førstesekretær

Interne kopimottakarar:
Rådmann Rune Sjugard
Servicekontoret Sonja Håvik



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Bente Engeseth	Arkivsak nr.:	2012/1404
		Arkivkode:	U62

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
37/16	Driftsstyret	17.08.2016

SALSLØYVE - AS VINMONOPOLET

Administrasjonen si tilråding:

Med heimel i alkohollova §§ 1-7, 3-1 og 3-3 får Vinmonopolet AS løyve til sal av alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3 i Industrigata 12 for den nye perioden som er frå 1. oktober 2016 til 30. september 2016.

Vedleggsliste:

Søknad frå AS Vinmonopolet

Uprenta saksvedlegg:

- K-sak 0116/06, 19.12.2006
- K-sak 58/07 den 31.05.2007
- Alkoholpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2016-2020, vedteke i k-sak 78/16, 16. juni 2016
- Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2012-2016, vedteke i k-sak 6/12, 24. mai 2012
- Alkohollova
- Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv. (FOR 2005-06-08 nr 538)

Samandrag av saka:

AS Vinmonopolet har søkt om fornya salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3 i AS Vinmonopolet sine lokalar i Industrigata 12.

Saksopplysningar:

I samsvar med alkohollova § 3-3 har Vinmonopolet fått godkjenning av lokale for utsal i Industrigata 12, utleigar Volda Sentrum AS (kjøpesenteret). AS Vinmonopolet fekk søknaden innvilga i k- sak 58/07.

Viser til tidlegare handsaming og rår til at Vinmonopolet AS får fornya løyve til sal av alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3.

Vurdering og konklusjon:

Det kjem ikkje fram noko i planar eller lovheimlar som talar for at AS Vinmonopolet ikkje skal få fornya løyvet for sal av alkoholhaldig drikk og det vert difor tilrådd at AS Vinmonopolet får fornya løyve for neste periode.

Helse og miljøkonsekvensar:

Viser til vurderinga k-sak 0116/06, 19.12.06 og k-sak 58/07 den 31.05.2007.

Økonomiske konsekvensar:

Viser til vurderinga i k-sak 0116/06, 19.12.06 og k-sak 58/07 den 31.05.2007.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen.

Inger-Johanne Johnsen
Sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:

AS Vinmonopolet, Pb 6953 St Olavs plass, 0130 Oslo
Lensmannen i Volda og Ørsta, Torvmyrane 11 B, 6150 Ørsta
Securitas AS, Postboks 8225 Spjelkavik, 6022 Ålesund

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Bente Engeseth	Arkivsak nr.:	2016/64
		Arkivkode:	U62

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
38/16	Driftsstyret	17.08.2016

SALSLØYVE COOP VEST SA / COOP EXTRA VOLDA - ORG NR 938 586 357

Administrasjonen si tilråding:

Med heimel i alkohollova §§ 1-4b, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 3-1, 3-2 og 3-7 vert det gjeve salsløyve slik:

- *Tidsrom: Frå 1. oktober til 30. september 2020*
- *Løyvehavar: Coop Vest SA, org. nr. 938 586 357*
- *Styrar: Sissel Myklebust, f. 09.12.61*
- *Stedfortredar: Reidun Anne Hansen, f. 16.04.58*
- *Salsstad: Coop Extra Volda, Furene, 6105 Volda.*
- *Alkoholvare: Alkoholhaldig drikk gruppe 1*
- *Salstid: Jamfør punkt 7.1 "Alkoholpolitisk handlingsplan 2016-2020"*
- *Vilkår: Jamfør punkt 7.2 "Alkoholpolitisk handlingsplan 2016-2020"*

Vedleggsliste:

Søknad, offentlig versjon

Uprenta saksvedlegg:

- Søknad m/vedlegg
- Bevis på kunnskapsprøver etter alkohollova
- Uttale Lensmannen i Volda
- Uttale Skatteetaten
- Alkoholpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2016-2020, vedteke i k-sak 78/16
- [Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv.](#) (FOR 2005-06-08 nr 538)
- Alkohollova

Samandrag av saka:

Det ligg føre søknad av 13.01.16 frå Coop Vest SA, org nr 938 586 357, om løyve til sal av alkoholhaldig drikk gruppe 1 i butikklokala til Coop Extra Volda, på Furene i Volda.

Det kjem ikkje fram noko i uttalane som tilseier at løyvehavar ikkje skal få nytt løyvet.

Saksopplysningar:

Generelt:

Etter alkohollova § 1-6 kan salsløyve bli gitt for periodar inntil 4 år, og med opphør seinast 30. september året etter nytt kommunestyre tiltret. Før lovendringa 1.1.2016, var det fram til 30. juni etter nytt kommunestyre. For å komme inn i rett loop etter endringane i alkohollova, vart det gjort vedtak i kommunestyret 16.06.16 om at alle løyve som var gjeldande då, fekk forlenga periode fram til 30. november 2016.

Eit salsløyve er knytt til eit bestemt lokale. For kvart løyve skal det vere ein styrar og ein stedfortredar. Dei må ha fylt 20 år, ha greidd kunnskapsprøve etter alkohollova, vere tilsett på salsstaden eller arbeide der som eigar og ha uklanderleg vandel i høve til alkohollovgevinga.

Vilkår for å få salsløyve

Kommunen kan sette vilkår jamfør punkt 7.2 i "*Alkoholpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2016-2020*", i tillegg til lovverket sine krav.

Internkontrollrutinar skal ligge ved søknad om salsløyve. Søknadar vert ikkje ferdighandsama før alle vedlegg er levert inn til kommunen.

Salsstaden skal delta på første mulige kurs i ansvarleg sal, så lenge kommunen tilbyr dette. Dette gjeld minimum styrar og stedfortredar. Ved skifte (styrar og stedfortredar) gjeld same vilkåret.

Salstider

Jamfør "*Alkoholpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2016-2020*", punkt 7.1, er salstidene for alkoholgruppe 1 i ordinær daglegvarehandel sett til:

- Kvardagar: kl 09.00 og kl 20.00
- Laurdag og dagar før heilagdag: kl 09.00 og kl 18.00
- Alkoholhaldige varer skal vere betalte innan salstida. Butikkane som sel alkohol skal ha sperre i kassa.

Uttalerunde:

I samsvar med alkohollova § 1-7 har kommunen plikt til å innhente uttale frå politiet. Kommunen kan og innhente uttale frå skatte- og avgiftsmynde. Det er spesielt styrar og stedfortredar sin vandel politiet blir bedt om å uttale seg om. Vandel for løyvehavar og eventuelt andre personar som eig vesentleg del av verksemda kan også bli vurdert.

Den aktuelle søknaden:

Det ligg føre søknad av 13.01.16 frå Coop Vest SA om løyve til sal av alkoholhaldig drikk gruppe 1 i butikklokala til Coop Extra Volda på Furene i Volda kommune.

Sissel Myklebust skal vere styrar og Reidun Anne Hansen skal vere stedfortredar. Begge fyller vilkåra i alkohollova § 1-7c. Lensmannen i Volda har ikkje merknader til søknaden. Skatteetaten har heller ingen merknader til søknaden.

Vurdering og konklusjon:

Det kjem ikkje fram noko i uttalane som tilseier at søkjar ikkje kan få løyve for sal av alkoholhaldig drikk gruppe 1.

Helse og miljøkonsekvensar:

Sjå alkoholpolitisk handlingsplan.

Økonomiske konsekvensar:

Løyvehavar må betale gebyr til kommunen for løyvet etter faktisk omsett mengde alkoholhaldig drikk jamfør ”Forskrift for omsetning av alkoholholdig drikk”, § 6-2. For sal skal det betalast kr 0.20 kr. pr omsett vareliter alkoholholdig drikk gruppe 1. Minstegebyret er for 2016 kr 1540,-. Gebyret vert regulert kvart å i alkoholforskrifta.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen.

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:

Coop Vest SA, Kornborgvegen 34, 6813 FØRDE (e-post: post@vest.coop.no)

Coop Extra Furene, Furene, 6105 VOLDA (e-post: volda.extra@coop.no)

Sissel Myklebust, e-post: volda.extra@coop.no

Reidun Anne Hansen, Fiaskogen 26, 6152 ØRSTA

Lensmannen i Volda, e-post: post.sunnmore@politiet.no og guttorm.hagen@politiet.no

Securitas AS, v/Magne Olav Strømme, e-post: magne.olav.stromme@securitas.no

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal



Innsendt: 13.01.2016 14:28

Ref.nr: HJJDUG

Volda kommune

Telefon: 70 05 87 00

E-post: postmottak@volda.kommune.no

Hjemmeside: <http://www.volda.kommune.no>

Salgsbevilling - søknad om bevilling til salg av alkoholholdig drikk gruppe 1

Bevillingstype
Type bevilling <input checked="" type="checkbox"/> Ny bevilling <input type="checkbox"/> Endret bevilling
Har bevillingssøker andre bevillinger fra før med hjemmel i alkoholloven? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei
Er virksomheten overdratt? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei

Informasjon til søker
Krav om vandel Bevillingshaver, styrer, stedfortreder og personer som har vesentlig innflytelse på virksomheten, må ha utvist uklanderlig vandel i forhold til straffelovgivningen, skatte- og avgiftslovgivningen, regnskapslovgivningen, lov om forbud mot diskriminering på grunnlag av etnisitet, religion mv. Personer som nevnt i første punktum må heller ikke ha begått lovbrudd i forhold til annen lovgivning på en måte som vil være uforenlig med drift av salgsstedet.
Alkoholloven § 1-7b
Konsolidering av eierandeler I vurderingen av om en person har vesentlig innflytelse på virksomheten, regnes vedkommendes eierandeler eller stemmer sammen med eierandeler eller stemmer som tilhører følgende personer: 1) ektefelle eller person som vedkommende bor sammen med i ekteskapslignende forhold, 2) slektninger i rett oppstigende eller nedstigende linje samt søsken, 3) ektefelle til person som nevnt i nr. 2 eller person som bor i ekteskapslignende forhold sammen med person som nevnt i nr. 2.
Alkoholloven § 1-7b, tredje ledd

Opplysninger om bevillingssøker			
Bevillingssøker er <input checked="" type="checkbox"/> organisasjon registrert i Enhetsregisteret <input type="checkbox"/> enkeltpersonforetak eller forening uten organisasjonsnummer			
Org.nr. 938586357	Navn på virksomhet COOP VEST SA		
Adresse Kronborgvegen 34	Postnr. 6813	Poststed FØRDE	
Telefon 57 83 44 00	E-postadresse post@vest.coop.no		
Skattekommune FØRDE			
Bevillingssøker er:			
Etternavn Coop Extra Furene	Fornavn Sissel	Fødselsnr. 091261	
E-postadresse volda.extra@coop.no		Mobilnr. 97994782	

Eier (1)
Her angis oppbygningen av det reelle, underliggende eierforholdet av salgsvirksomheten. Oppgi navn på personer og/eller selskaper som direkte eller indirekte eier eller kontrollerer den virksomheten som søker bevilling.
Eier er

Salgsbevilling - søknad om bevilling til salg av alkoholholdig drikk gruppe 1

<input checked="" type="checkbox"/> organisasjon registrert i Enhetsregisteret <input type="checkbox"/> privatperson eller enkeltpersonforetak/forening uten organisasjonsnummer			
Org.nr. 938586357	Navn på virksomhet COOP VEST SA		
Adresse Kronborgvegen 34		Postnr. 6813	Poststed FØRDE
Telefon 57 83 44 00	E-postadresse post@vest.coop.no		
Skattekommune FØRDE		Eierandel i %	
Etternavn på eierne		Fornavn på eierne	Fødselsnr.
Etternavn på eierne		Fornavn på eierne	Fødselsnr.
Er det flere eiere av virksomheten? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei			

Andre enn formelle eiere			
Er det andre enn formelle eiere som har vesentlig innflytelse på virksomheten? <input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei			
Den andre er <input checked="" type="checkbox"/> organisasjon registrert i Enhetsregisteret <input type="checkbox"/> privatperson eller enkeltpersonforetak/forening uten organisasjonsnummer			
Org.nr. 938586357	Navn på virksomhet COOP VEST SA		
Adresse Kronborgvegen 34		Postnr. 6813	Poststed FØRDE
Telefon 57 83 44 00	E-postadresse post@vest.coop.no		
Skattekommune FØRDE			
Navn på person med innflytelse			Fødselsnr.
Slekts-/familietilknytning			

Informasjon - styrer og stedfortreder
Hver bevilling skal ha en fysisk person som styrer/stedfortreder, som må godkjennes av kommunen. Styrer og stedfortreder må være ansatt på stedet eller arbeide i virksomheten i kraft av eierstilling. Som styrer kan bare utpekes den som har styringsrett over skjenking, herunder ansvar for å føre tilsyn med utøvelsen av bevillingen. I styrers fravær påhviler styrers plikter stedfortreder. Bevillingshaver må straks søke om godkjenning av ny styrer dersom styrer slutter.
Bevilling kan nektes dersom styrer/stedfortreder ikke oppfyller de krav som stilles til ham.
Styrer og stedfortreder må være over 20 år og må dokumentere å ha bestått Kunnskapsprøven.
Styrer og stedfortreder må ha utvist uklanderligandel.

Styrer og stedfortreder			
Styrer (må være en fysisk person)			
Etternavn - styrer Myklebust		Fornavn - styrer Sissel	
		Fødselsnr. - styrer 09126	
Adresse - styrer Vartdal		Postnr. - styrer 6150	Poststed - styrer Ørsta
Telefon - styrer 97994782	E-postadresse - styrer volda.extra@coop.no		
Skattekommune - styrer Volda			

Salgsbevilling - søknad om bevilling til salg av alkoholholdig drikk gruppe 1

Stedfortreder for styrer (må være en fysisk person)		
Etternavn - stedfortreder Turbekkmo-Øye	Fornavn - stedfortreder Ingelin	Fødselsnr. - stedfortreder 01029
Adresse - stedfortreder Ørsta	Postnr. - stedfortreder 6150	Poststed - stedfortreder Ørsta
Telefon - stedfortreder 97994780	Skattekommune - stedfortreder Ørsta	

Utsalgsstedet		
Navn Coop Extra Volda (Furene)		
Adresse Furene	Postnr. 6105	Poststed Volda
Telefon 97994782	E-postadresse volda@extra.coop.no	
Gnr.	Bnr.	Nettadresse
Utsalgsstedets størrelse 1 990	Forventet omsetning per år 100 000	
Vareutvalg og driftskonsept Daglegvare(lavpris) og faghandel		
Utfyllende opplysninger om driftskonseptet:		
Last opp fil	Ettersendes <input type="checkbox"/> per post	

Åpnings- og salgstider	
Utsalgsstedets åpningstid mandag - fredag:	
Åpningstid, mand.-fred.: Fra kl. 09.00	Åpningstid, mand.-fred.: Til kl. 22.00
Utsalgsstedets åpningstid dag før søndag og helligdag:	
Åpningstid, dag før sønd. og helligd.: Fra kl. 09.00	Åpningstid, dag før sønd. og helligd.: Til kl. 20.00
Ønsket salgstid for alkohol mand. - fredag:	
Ønsket salgstid, mand.-fred.: Fra kl.	Ønsket salgstid, mand.-fred.: Til kl.
Ønsket salgstid for alkohol dag før sønd. og helligd.:	
Ønsket salgstid, dag før sønd. og helligd.: Fra kl.	Ønsket salgstid, dag før sønd. og helligd.: Til kl.
